


Årbok

F O R S Y K K Y L V E N 2 0 2 5



Sykkylven Sogenemnd

September
Søndag Tirsdag

Onsdag

Torsdag

Fredag

Lørdag

Søndag

6
13
20
27
4
11
18
25
1
8
15
22
29
5
12
19
26
2
9
16
23
30
6
13
20
27
4
11
18
25
1
8
15
22
29
5
12
19
26
2
9
16
23
30

Innhald

Eldrid Suorza: Elias Vinje - kjøpmann og kulturberar.	Side 3
Eldar Høidal: Ein lågmælt elektromontør, muskar og poet.	Side 9
Bent Tandstad: Frå Ikornnes til Hollywood – flygar, globetrotter og kunstsamlar.	Side 14
Torine Furstrand Vemøy: Morfar, fortel litt meir.	Side 20
Eldar Høidal: 20 år i førarsetet for møbelvenene.	Side 22
Geir Tandstad: Henrik Straumsheim – i minneglansen skine.	Side 26
Eldar Høidal: Spesialforretningar med fleire bein.	Side 32
Asgeir Kvernberg: Lokalhistorie frå Furstranda og Sykkylven.	Side 42
Kjetil Tandstad: Tradisjonlisten.	Side 44
Kai Løseth: Slusk-Ola-muren i Ramstaddalen.	Side 48
Nils Seland: Flytteplanar for ungdomshuset Dalheim.	Side 51
Ole Jostein Fet: Stølshelg på Øggardsstølen – 20 år sidan sist.	Side 52
Nyss: Bildekavalkade.	Side 56
Helen Seth: Biblioteket sitt rekordår.	Side 58
Tone Drabløs: Tre turer på en dag.	Side 60
Kjetil Tandstad: Sykkylven Pensjonistlag 50 år.	Side 62
Ole Jostein Fet: Velledalens yngelstasjon – skipa for 80 år sidan.	Side 67
Kjetil Tandstad: Nyttig prat på språkkafé.	Side 69

Sogenemnda 2025

Eldar Høidal (leiar), Edel Pernille Ystenes (nestleiar), Eldrid Suorza, Stein Arne Fauske, Thor Willy Strømme, Heidi Heggem og Hans Marius Strømmegjerde.

Årbokredaksjonen 2025

Kjetil Tandstad (redaktør), Eldar Høidal, Thor Willy Strømme, Eldrid Suorza, Kjell Ole Løseth, Helen Seth og Ole Jostein Fet.

Årbok for Sykkylven vil gjerne ha kontakt med fleire som kan skrive og tek imot bidrag gjennom heile året. Årboka vil ikkje berre ha historisk stoff, men også skjønnlitterære bidrag, aktuelle kommentarar, fotografi og biletkunst. Ta kontakt med redaktør Kjetil Tandstad, telefon 902 01 231 eller e-post: kjetil.tandstad@gmail.com eller andre i redaksjonen.

Utgjevar: Sykkylven sogenemnd
Utforming: Eldar Tandstad
Prent: Hatlehols AS

ISBN 978-82-92269-36-7
ISSN 0804-2225

Forside: Fondveggen i ungdomshuset Dalheim i Ramstaddal med scenedekorasjonane til kunstmålaren Jonas Peson.
(Foto: Nils Seland)

Elias Vinje
- kjøpmann og kulturberar

Av Eldrid Suorza

Elias Vinje (1927-2016) var kjøpmann i over seks tiår og ein sentral samfunnsbyggjar i Sykkylven. Han stod i spissen for utviklinga av Vinje-butikken og la ned ein uvurderleg innsats i idretts- og kultur-livet, ikkje minst gjennom arbeidet med grasbana og Sykkylven Storhall.

Oppvekst og familie

Elias vart fødd den 19. september 1927. Foreldra var Elias Johansen Vinje frå Stordal og Laura Karoline Strømme frå Thomasgarden på Grebstad. Elias var den yngste av seks sysken; Kari, Bjørg, Jorunn, Thomas og Edny.

Allereie i 1912 hadde far hans, Elias senior, kome til Sykkylven og starta landhandel og bakeri på Aure. Først heldt dei til i det gamle Kaihuset, seinare kjøpte han tomt og sette opp nytt forretningsbygg med bustad. I 1920 flytta familien inn i det som seinare vart kalla “Vinjehuset”, og der heldt butikken fram i mange tiår. Borna tok tidleg del i arbeidet på butikken.

I byrjinga av 30-åra starta Laura og Elias opp Vinjes Gjestgiveri, eit livleg hus med gjestar året rundt. Gjestgiveriet vart drive fram til ca. 1960. Det var ei kjekk tid og Elias hadde mange gode historier frå denne tida. Då storbrannen på Aure råka i 1939, var det berre så vidt at Vinjehuset vart berga frå flammene. Etter brannen var det stor aktivitet med gjenoppbygginga.

Krigsår og ungdomstid

Krigen førte med seg vanskelege tider, rasjonering og knappheit på varer. Like før krigen braut ut hadde Vinje bygt hytte ved Lastølen på Fjellsætra. Det vart ein samlingsplass for heile familien. Elias sykla ofte dit kveldane. Neste morgon trilla han ned att for å delta i dagens gjeremål. Tidleg i krigen vart fleire i familien vitne til at eit tysk fly vart skote ned over Lastølen. Det brennande flyet sigla ned gjennom Velledalen samtidig som Elias sykla heimover i dalen. Familien var svært redde for at noko skulle hende med han, men det gjekk heldigvis bra med Elias, som då var 12 år.

I 1944 gjekk Elias realskulen med undervisning på ungdomshuset Valhall. Sidan han budde så nær skulen, måtte han ofte bort og fyre opp i omnen før lærar og andre elevar kom.

Tjue år gamal reiste Elias til Steinkjer på rekruttskule, før han vart stasjonert eit halvt år i Göttingen med Tysklandsbrigaden. Göttingen låg i britisk okkupasjons-sone, heilt på grensa til den sovjetiske okkupasjonssona. Det var ei felles alliert



Eldrid Sourza, fødd 1950, har arbeidd som lærar, rektor, flyktningkonsulent og kommunalsjef. Ho er medlem av redaksjonen for Årbok for Sykkylven.



Elias Vinje som ung kjøpmann ca 1950.

Foto: Privat

sone, heilt på grensa til den sovjetiske okkupasjons-sona. Det var ei felles alliert oppgåve å sikre ro og orden i det slagne Tyskland og skape grunnlag for ei fredeleg utvikling i demokratiet sitt namn. Tida i eit Tyskland i ruinar gjorde sterkt inntrykk på Elias. Han kunne litt tysk frå skulen og kom i kontakt med folk – han opplevde det som meningsfullt å hjelpe eit folk som leid. Han fortalde ofte om denne tida seinare i livet.

Elias Vinje junior

Faren døydd i 1949, og Elias junior tok over drifta av butikken i ein alder av 22 år. Han hadde hjelpt til i mange år, og kjende drifta godt. Butikken skulle bli arbeidsplassen og livsverket hans langt ut i 80-års-alderen. Frå å vere ein allsidig landhandel med daglegvarer, manufaktur, skotøy, steintøy m.m. endra behovet seg i butikknæringa.

Utviklinga i industrien skaut fart i 30-åra, folketalet auka og marknaden vart større. Etterkrigstida vart gode år. Behovet for meir spesialisering i varehandelen melde seg. Firmaet Elias Vinje valde å konsentrere seg om to bransjar: daglegvarer og skotøy. Butikken i Vinjehuset vart ei rein daglegvareforretning, og skotøyavdelinga heldt fram i A/S Skonytt, der Elias Vinje var med som aksjeeigar. Han vart dessutan medeigar i A/S Sportsnytt og Hjørnegården saman med Otto og Oddvar Hjellegjerde.

Frå disk til trillevogn- første utviding av butikklokala

På slutten av 70-åra vart hovudvegen gjennom sentrum lagt om i samband med flyttinga av ferjekaia til Aursnes. Det opna for nytt areal mot sjøen, og butikken fekk si første utviding med eit tilbygg i ein etasje mot vest i 1984. Frå varer i hyl-lene, vekt og ekspedering av kundane over disk, gjekk ein no over til at kundane kunne gå mellom reolane og plukke varene i trillevogner før dei gjekk til kassa for å betale. Større lokale gav også plass til ei krå med bord og stolar til kundane. Det var populært og vart ein fin møteplass for mange. Der var alltid lett stemning med gode historier og mykje latter.

Butikknæringa endra seg på 80-talet. Kjedeutviklinga starta, butikkar gjekk saman om felles oppgåver som reklame, innkjøp o.l. Den første kjeda for Vinjebutikken var Alfa, ei lokal kjede av 5-6 butikkar i Sykkylven, Stranda og nærområdet. Seinare slo Alfa seg saman med VIVO, og fortsette under VIVO-namnet med fleire medlemmar i 1988.

Vareflaum og omsetning auka jamnt, fleire kundar og større behov for lagerplass var framleis aktuelt. Tidleg på nittitalet fekk Elias kjøpe nabobygget mot Vadhuset, som var eigd av Lars Birger Aure. Ringseth flytta ut til større lokale, og Vinjebutikken tok lokalet i bruk året etter.



Vinjehuset som nytt, ca 1920. (Foto: Privat)

No trudde dei at arealet var stort nok, men behovet skulle vise seg å vere enda større. I 1993 gjekk butikken inn i SPAR-kjeda som seinare vart ein del av Norgesgruppen. Auken i vareutval og omsetning varte ved. Behovet for større lokale var stadig til stades. Butikken var tungdriven og Elias var på jakt etter større tomt, men det viste seg vanskeleg å skaffe.

Då P. B. Blindheim la ned Glasmagasinet, fekk Vinje leige deira lokale mot vest. Desse vart ferdigstilt i 2007, og butikken vart utvida med 230 nye kvadratmeter. P.B. Blindheim heldt fram med Leikebutikken i lokalet mot nord. Etter Elias Vinje døydd i 2016, flytta forretninga til Aure Sjøside i 2023, eit bygg med forretningar og 24 leiligheter ved sjøkanten. Dette bygget vart ført opp av Elias Vinje Eigedom AS, B. S. Aure Eigedom AS, H. I. Gjørtz Eigedom AS. Forretninga har vakse til Eurospar, men er framleis ein sjølveigarbutikk under namnet Elias Vinje AS - eit sterkt symbol på kontinuitet.

Elias Vinje var kjend som arbeidssam og grundig, kundevennleg og humoristisk. Han serverte gode replikkar, og hadde alltid eit alternativ om han ikkje hadde den vara kunden i utgangspunktet ville ha. Han ytte god service, og fylgde med på utviklinga i bransjen. Mange ungdommar fekk sitt første møte med arbeidslivet nettopp i hans butikk.

Idrettsglede og dugnadsånd

I ungdomsåra spelte han fotball og hadde hjarte for idretten. Det var også innan idrettsorganisasjonen han utførte sitt andre store livsverk. For sin enorme innsats for Sykkylven Idrottslag fekk han æresmedlemskap i SIL ved lagets 75-års-jubileum i 1981.

I 2013 fekk han Sykkylven kommune sin kulturpris. Denne innsatsen blir her fortalt



Elias Vinje i kjend stil på kontoret, truleg ein gong på 2000-talet. (Foto: Vigdis Dale Alnes.)

gjennom utdrag frå uttalen ved tildelinga av Sykkylven kommune sin kulturpris i 2013:

“Ved inngangen til 1960 åra hadde Sykkylven Idrettslag mange undergrupper med eigne styre. Totalt hadde laget 245 medlemmar. I 1961 tok Elias Vinje over etter Jarle Aure som formann i hovudlaget. Han hadde tidlegare vore med som sekretær nokre år, og endå lengre som ivrig medlem og aktiv spelar på fotballbana og i kulissane. No fekk han hovudansvaret for laget, noko han skulle ha i heile 19 år”.

Det første store prosjektet var å få gras på idretts- og festplassen. Det vart søkt om tippemidlar til STUI- Statens Ungdoms og idrettskontor om 10 000 kroner. Fekk avslag. Det var krav om mykje dokumentasjon for å få midlar. Kommunen stilte med 3000 kroner i tilskot og eit kommunegarantert lån på 10 000 kroner.

Eit stort engasjement vart lagt ned for å få arbeidet gjort. Tombola og marknader vart arrangerte årleg for å skaffe midlar. Elias Vinje var ein meister i å mobilisere til dugnader, både idrettslagets medlemmar, husmorlag, ungdomslag, skuleelevar o.a. vart sette til å plukke stein på bana som vart inndelt i mange roder. Dugnadsarbeidet gjekk føre seg i fleire år. Sosialt var det også, med kaffi og matpause. Grasbana vart opna i 1964. Dugnadsarbeidet vart filma av Lars Karl Aursnes og filmen vist til Rolf Hofmo, kontorsjef i STUI i 1965. Innsatsen gjorde sterkt inntrykk og vart endeleg belønna med eit tilskott på 10 000 kroner frå STUI.

“Elias Vinje nøgde seg heller ikkje med dei administrative oppgåvene i laget, men han la ned eit imponerende stort antal timar dugnad på stadion saman med m.a. Einar Espe, Kjell Slinning og andre.”

Sykkylven Storhall

“Det andre store prosjektet som Elias Vinje er kjent for, er den store innsatsen han la ned for å realisere Sykkylven storhall. Den 3. januar 1969 vart byggefondet for treningshallen i Sykkylven oppretta. SIL arbeide heile 70-talet med å skaffe midlar til dette bygget. Også her var dugnadsinnsatsen imponerende, både av Elias sjølv og fleire andre. Eit samantreff var det at andre krefter jobba for å få ein vidaregåande skule til byggda. Ein idrettshall kunne på dagtid fungere som gymnastikk-lokale for skulen. I juli 1972 heldt SIL ekstraordinært årsmøte og vedtok planane for første byggjesteg på imponerende 52x35 meter - med høve til utviding til dobbel storleik. Planane vart samordna og idrettslaget fekk fylkeskommunen med på laget. Sykkylven kommune kom også med i samarbeidet og ordna grunn og tomt til Storhallen.

Elias Vinje og ingeniør Torbjørn Åsen var avgjerande personar for at dette komplekse bygget skulle realiserast. Hallen vart byggemeldt i 1973 og vart offisielt opna den 28. august 1982 av Elias sjølv. I løpet av vel 10 år hadde ein brukt knapt 5,4 mill. kroner. Det vart gjort ein imponerende dugnadsinnsats og laget hadde samla inn rundt 800 000 kroner. Tippemidlar utgjorde 950 000 kroner, fylkeskommunen 930 000 kroner og Sykkylven kommune 750 000 kroner. Resten var lånefinansiert.

I ettertid ser ein at Storhallen vart det aktivumet som ein håpa på - for heile kommunen. For idretten, kulturlivet og næringslivet i Sykkylven. I jubileumsboka til SIL frå 2005 seier Elias Vinje: “Det var verkeleg stort å få til dette bygget.”

Kulturpris og heider

Tjuetre år etter at Storhallen vart opna, fekk Elias Vinje Sykkylven kommune sin kulturpris 2013 for innsatsen sin. Grunngevinga var:

“Elias Vinje formann i SIL i åra 1961-1980. På sekstialet gjorde han ein kjempeinnsats for den ordinære lagsdrifta og anlegga som stadion og Storhallen. Alle oppgåvene var krevjande for ein travel kjøpmann. Elias sitt namn vil alltid bli knytt til dette bygget som reiste seg ved Kvennhushaugen gjennom 70- talet. Storhallen står som eit monument over hans store visjon. Hallen er framleis den 3. største idrettshallen i Møre og Romsdal. Elias fekk mykje gjort med sitt pågangsmot, sin lune veremåte og sine diplomatiske evner.” Sykkylven , 10. februar 2014. Kulturpriskomiteen: Ståle Eikrem, Jostein Grebstad, Halstein Kurseth.

Politikk og samfunnsengasjement

Kommunestyret: Elias sat i kommunestyret for Høgre i fire periodar; 1964-1967, 1968-71, 1972-75 og 1984-87. Aktiv politikk i seksten år viser at han hadde god tillit blant veljarane. I desse åra fekk han brei innsikt i saksgang og politiske prosessar, noko som kom til nytte i arbeidet med idrettsanlegg og lokalsamfunn.

Sykkylven Handelsforening vart starta i 1955, den gongen heitte det Kjøpmannslag. Elias var med frå starten, og var såleis medlem i 60 år. Foreininga var viktig for å drøfte saker av felles interesse som stengingstider, sal på kreditt, rabattar og felles annonsering. Saker av meir samfunnsmessig karakter vart sett på agendaen, som trafikktilhøva og tilgang på parkeringsareal. Handelslekkasje mot Ålesund-området og tiltak retta mot dette er framleis aktuelt. Næringskonsulent vart tilsett i 1980, og denne skulle ha både industrien og handelsnæringa som arbeidsområde. Den første varemessa vart halden i Storhallen i 1981, endeleg eit lokale som var stort nok. I 1982 vart dei første marknadsdagane skipa til.

Sykkylven Rotaryklubb: Elias var medlem frå starten 17. august 1956. Rotary har fast møtestruktur, i mange år var møtedagen onsdagar klokka 18-19. Så lenge Elias var frisk nok, møtte han trufast opp kvar veke. Føremålet til Sykkylven Rotaryklubb er todelt: “Ein vil ha ein møteplass der medlemmane kan utvikle seg som medmenneske og samfunnsborgarar, og samstundes vil klubben vere ein organisasjon som er til nytte for andre”. Dette var ein organisasjon i Elias si ånd. For si deltaking fekk han “Paul Harris Fellow” prisen, ei utmerking som heng høgt i Rotary.

Kyrkjevevje: Ei oppgåve som han tok over etter faren, var vervet som kyrkjevevje. Vinjehuset var på ein måte nært knytt til kyrkja. Prestane, som den gongen heldt til i Ørskog, budde på Vinjes Gjestegiveri dei helgane det var gudsteneste i kyrkja. “Presterommet” stod til ei kvar tid klart til overnatting for presten. Vervet som kyrkjevevje skjøtta Elias trufast og ansvarsfullt i fleire tiår.

Ferie og fritid

Elias tok lite ferie, men i unge år var han av dei første charterturistane til Mallorca og Barcelona allereie på femtitalet. Han kom heim med nye inntrykk og med fine gåver til onkelbarna sine. Seinare i livet var reiselysta mindre, men han var både på VM i fotball og på andre turar i Europa.



Elias Vinje var en arbeidsmaur, men prioriterte turar saman med gode vener i «Fjellgjengen». Frå venstre Jostein Gjerde, Sverre Ripe, Elias Vinje, Rolf Hjellegjerde, Oddbjørn Ramstad og Petter Hjorthol. Frå 25-årsjubileet i 1995. (Foto: Privat.)

Han ville helst vere heime og passe butikken og huset. Tipping på hest og fotball var ei anna glødande interesse. Han fylgde godt med på resultatlistene, såg mykje hesteløp og fotball på tv. Han spelte både åleine og i tippelag.

På heimebane hadde Elias stor hjelp og støtte i si søster Kari. Ho tok eit stort ansvar for både butikken og huset alle dei åra Elias var svært oppteken med Storhallen mm.

Sjølv om han reiste lite, hadde Elias stor glede av dei årlege fjellturane med venene i «Fjellgjengen». I alle år frå 1981 - 2010 gjennomførte dei lange turar i fjellheimen, noko han prioriterte høgt. Dei siste åra hadde Elias problem med føtene sine etter mykje gåing på harde butikkoglv. Han var likevel med så lenge han kunne. I 1989 gjekk turen til Zermatt i Sveits. På reisa gjennom Tyskland fekk han eit gjensyn med Göttingen og uteplassen der dei norske soldatane i Tysklandsbrigaden brukte å møtast. Det var stas for han.

Gjennom eit heilt liv kombinerte Elias Vinje kjøpmannsykket med eit uvanleg sterkt samfunnsengasjement. Han bygde butikk og idrettsanlegg, men framfor alt bygde han fellesskap. Med arbeidsglede, pågangsmot og eit glimt i auga sette han varige spor i Sykkylven. Arven etter kjøpmannen og kulturberaren lever vidare i butikken, hallen, grasbana – og i minnet til alle som møtte han.

Ein lågmælt elektromontør, muskar og poet

Av Eldar Høidal

Skjorungen

<i>Var du, kan hende,</i>	<i>Lunt under skuggen</i>	<i>Snart skal dei doggvåte</i>
<i>i sysken-flokken,</i>	<i>frå rosebusken,</i>	<i>kronblad falle.</i>
<i>den modige, sterke</i>	<i>der grov eg di grav</i>	<i>Og pynte om grava</i>
<i>og argaste fanten.</i>	<i>her ved kvitsunnhelg-tide.</i>	<i>med kjærleiks-fargen.</i>
<i>Slik kom du, ein dag då,</i>	<i>Om messa vart kort</i>	<i>Og slik skal det minnast</i>
<i>for nær utpå kanten,</i>	<i>so fór tankane vide,</i>	<i>og skrivast i margen,</i>
<i>Og der stod naturen</i>	<i>om døden</i>	<i>at livet</i>
<i>på vakt</i>	<i>og tida du har.</i>	<i>er her og er no.</i>

Per Flaaen finn glede i å skrive dikt. Han byrja med det i godt vaksen alder, men fleire år før han vart pensjonist for 20 år sidan. Dikta kjem til han på ulike vis. Det kan vere når han observerer hendingar rundt seg. Slik som med skjorungen, som fall ut av reiret som var ved huset hans i Grebstadlia. Han fekk medkjensle med den livlause skjorungen, og byrja å reflektere rundt kva som hadde skjedd. Kanskje var skjorungen den dristigaste i søskenflokk, den som først ville ut og oppleve den lokkande verda utanfor reiret? Så kom ungen utfør kanten, før vingane kunne bere han til ei mjukare landing?

Rim og rytme

Per Flaaen kom ut med diktsamling før jul i fjor. Det vil seie, det var dottera, Rigmor, som hadde idéen. Ho meinte at dikta burde samlast mellom permar slik at fleire kunne få lese dei. Mange av dikta har tidlegare blitt publiserte i blad og aviser, men mange er henta fram frå skrivebordsskuffa. Per Flaaen er no 91 år, men har enno ikkje lagt ned pennen. Diktet om skjorungen er blant dei han har skrive etter at diktsamlinga kom ut. Han seier seg nøgd med diktet. Jo lenger ein held på med dette, jo betre tak får ein på diktskrivinga, trur han. Det er mykje som skal klaffe for å få eit dikt til å «sitje». Det skal ha rim og ikkje minst rytme. Eit dikt med haltande rytme gjev ikkje den same opplevinga, seier han som også har dyrka musikken gjennom store delar av livet. Fela ligg klar på kjøkkenbenken og notestativet står like ved, med noteheftet oppslått. Men han må vedgå at det ikkje vert spelt like mykje no som det vart før. Nokre strøk på strengane kan det likevel bli når han kjenner for det, gjerne eit stykke utpå kvelden.



Eldar Høidal
fødd 1956, er møbelhistorikar og ivrig syklist. Han er førstekonservator ved stiftinga Viti (tidlegare Musea på Sunnmøre) og dagleg leiar ved Møbelmuseet i Sykkylven. Han har skrive ei rekkje bøker, om møbelhistorie og blant anna norsk skøytesports historie. Han har også lang fartstid frå lokalpolitikk i Sykkylven.



Det vert ikkje så ofte at han tek fram fela no, men instrumentet ligg alltid klart på kjøkkenbenken.
Foto: Eldar Høidal.



Per liker seg godt i hagen. Her er han i sving med saks for å trimme ned hekken framfor huset i Symrevegen. Foto: Eldar Høidal.

Sjømann

Mange i Sykkylven vil kjenne Per som installatøren som skaffa straum til fabrikkar og heimar. Etter at han kom til kommunen i 1975, dreiv han i mange år Per Flaaen elektroinstallatør, men før han kom så langt hadde han eit allsidig yrkesliv bak seg. Han er fødd i 1934 og vaks opp i Dyrkorn-bygda i dåverande Stordal kommune der far hans, Lars Flaaen, arbeidde som maskinist ved fiskevegfabrikken. Etter grunnskulen reiste han til Spjelkavik, der han tok til på ei heilt ny jern- og metall-linje ved det som heitte Møre snikkar- og teikneskule. Noko av bakgrunnen for linjevallet var at han kom frå ein gammal smedfamilie. Ferda gjekk vidare til Trondheim, der han tok utdanning som skipselektrikar. Etter det tok han hyre på ein båt og siglde utanriks i to år.

MS Tai Yang siglde Per med som ungdom. Det gjekk i linjefart med ulike varer, og han var med dette skipet, som tilhørde Wilhelmsen-reiarlaget, i eit halvt år.



Åra på sjøen sit friskt i minnet, og kan også gje inspirasjon til nye dikt, som diktet

M/S TAI YANG. Det sluttar slik:

*Natt over skipet. De velkjente lyder
er trygge å høre, og søvnen blir god.
Mens vaktene tørnes til hundevakttimer
i vaktende vandring på dørk og på bro.*

*Her sitter visst enda en tre-fire karer,
og tøyer på dagen med kortspill og prat.
Litt grove, kan hende, i ord og i vaner
men redeligheten står alltid parat.*

*Nå lyder det åttende glass ifra broen.
Gjør klar for seilasen, ditt siste bestikk.
Og du som blir tørnet til nye strabaser,
glem ikke å takke den vakten som gikk.*

Eige elfirma

Dei første åra Per skreiv dikt, vart dei gjerne skrivne på bokmål. Det har dels samanheng med at han budde i Oslo i 12 år. Etter åra i utanriksfart flytte han til hovudstaden, der han først fekk arbeid i eit stor elektrofirma. Han sat på kontor og teikna og la planar for installasjonar. Det fann han nokså einsformig, difor slo han til då det vart ledig ei stilling i ei elektroforretning i Oslo. Herifrå reiste han rundt og gjennomførte vanleg elektrikararbeid i heimane. Frå den tida hugsar han mellom anna eit oppdrag i heimen til Oslo-ordførar Rolf Stranger, som sat og åt middag på kjøkkenet då Per kom inn med elektrikarveska si.

Det var i Oslo han trefte henne som skulle bli kona hans, Inger f. Paulsen. Dei gifte seg i 1969 i kyrkja i Narvik der ho var frå. Året etter vart eldstedottera, Rigmor, fødd, og i 1971 kom den andre dottera, Astrid, til verda.

Etter eit kort mellomspel i Vestnes kommune, kom familien på fire til Sykkylven i 1975. Han las i ei avis at kommunen mangla elektrikarar. Han hadde teke kurs i Oslo som gjorde at han kunne arbeide som sjølvstendig elektrikar og ha folk i arbeid. På denne tida slutta elektroinstallatøren Ludvig Hole, og dei som hadde arbeid for han vart ledige. Det vart til at Per Flaaen tok over arbeidsgjeveransvaret for desse, og då vart Sykkylven greitt stilt med elektrikarar. Både Bjarne Brekke og Halvard Baade var etablerte i kommunen då, og dei vart i åra framover gode kollegaer av Per Flaaen.

På venstresida

1970-åra var ei rikt veksttid i Sykkylven. Nye bustader kom opp og kommunen byrja å leggje til rette for utvikling av bustadfelt. Fleire av bedriftene førte opp nye bygg. Det var moderne fabrikkbygg i ei høgd, bygg som erstatta dei gamle fabrikkbygningane i fleire etasjar. Stort sett var det godt med arbeid, men det kunne også vere rolege periodar innimellom, til dømes i slutten av 1980-åra, då konjunkturpilane byrja å peike nedover etter mange år med oppgang. Kanskje var det då Per fekk betre tid til å reflektere over livets gang og tok til å feste tankane på papiret.

Han seier at han ikkje var nokon stor forretningsmann. Det var ikkje alltid han nytta moglegheitene til å tene mest mogleg i alle endar. Det finst andre verdiar enn pengar. Det var noko han lærte av far sin. Lars Flaaen var aktiv fagforeiningsmann og Per hugsar at han som 16-åring vart sendt på eit tillitsmannskurs på Øye i Ørsta. Faren heldt avisa Orientering som var tett knytt til Sosialistisk folkeparti, og faren stod på den sida i politikken. Det politiske grunnsynet har Per arva, og han kan ikkje hugse at han under val har røysta på eit anna parti enn SF/SV. – Vi treng eit mindre parti til venstre for Arbeidarpartiet, eit parti som kan halde storebror litt i øyra, seier Per.

Overforbruk

Samfunnsengasjementet kjem godt fram i mange av dikta. Eit tema han er særleg oppteken av, er det store forbruket vårt. Vi i den vestlege verda forbruker meir av verdas ressursar og forureinar kloden meir enn den toler. I eit dikt han har kalla Skattebyrder slår han til lyd for ein alternativ skattemodell, som legg skatt på det du tek ut av fellesmidlane. Forsyner du deg med store bitar av felleskaka, skal du bidra med meir i skatt. Han vil ikkje gå etter private formuar og pengar i banken. Dei gjer ingen skade, men skade gjer det uvetting høge forbruket vårt. Per bruker eit bilde frå eigen praksis som elektrikar for å syne poenget sitt. Før hadde dei målararar som var innstilte på eit visst straumforbruk, gjekk ein over det vart det ein høgare straumtakst. Det fremja sparing og nøysemd.

Nøysemd er ein verdi han skulle ha sett meir av. Nøysemd er mellom anna viljen til å halde lenger på det vi har og reparere det som går i sund. Han har dikt om det også, som diktet Smeden og skomakeren:



Frå huset sitt har Per god utsikt mot Aure og fjella rundt Sykkylvsfjorden. I yngre år likte han godt å gå på turar i fjella, gjerne saman med kona, Inger. Foto: Eldar Høidal.

Smeden og skomakeren

Nok et gangbart knep blant flere
synder i forbruker-stil.
«Lar seg ikke reparere»
sies med forbruker-smil.

Liten eller stor affære,
like fullt en døgn-ide.
Tuftet på en tvilsom lære
om en himmel og et tre.


Er det da så stor affære
med en hammer eller tang?
«Jo, her må det skiftes pære,
ute av vårt sortimang.»

Men en, ikke liten, dråpe
kan vi saktens bidra med.
Om vi setter litt av håpet
på skomaker og på smed.

Det er ikkje alt som kan seiast med ord. Der orda kjem til kort, kan musikken fylle ut. Livet til Per Flaaen har vore fylt av musikk. Han seier sjølv at han ikkje vart nokon stor fiolinist, men alt då han budde i Oslo var han med i fleire orkester. Etter at han flytte tilbake til Sunnmøre, var han ei tid med i symfoniorkesteret i Ålesund. Når han skal lytte til musikk, går det mest på klassiske tonar. Men for folk i Sykkylven er Per Flaaen helst kjent som utøvar av folkemusikk, eller svingande gammaldans-rytmar. Han var i mange år leiar for Per Flaaens orkester. Dei underheldt ved tallause samkomer i Sykkylven. Han spelte også mykje for gammaldansgruppa i Sykkylven frilynde ungdomslag.

– Gammaldansen skaper glede og er ei sosial musikkform, seier Per. Han liker seg godt i selskap med andre, og sjølv om han no bur aleine i huset i Symrevegen etter at kona døydd for åtte år sidan, har han eit aktivt sosialt liv. Etter ein roleg frukost tek han seg gjerne ein tur på kafé der han treffer andre å snakke med. Han går ofte på turar, og det gjev god trim å gå i motbakkane oppover mot Hjellane. Ei av døtrene, Astrid, bur i nabolaget, det same gjer to barnebarn, og dei vitjar ofte kvarandre. Elles finn Per selskap i livet som er i hagen rundt huset, og også eit lite flugeliv kan fascinere. Som fluga på kjøkkenbordet som han skreiv om under koronaperioden. – Eg slår ikkje etter flugene, eg opnar heller vindauget og slepper dei ut.

Slik kjenner mange Per, ein som veger sine ord og helst vil setje varsame spor. Men også ein som spelar på mange strengar, og trår etter anna enn pengar.



Framsida av diktsamlinga som kom ut til jul i fjor.



Bent Tandstad, fødd 1955, er journalist og busett i Horten i Vestfold. Han jobbar i Nynorsk Pressekontor i Oslo, etter mange år i NRK Nyheter. Han har også jobba i Sunnmørsposten. Artikkelforfattaren er ikkje i slekt med Torleif Tandstad.

Frå Ikornnes til Hollywood – flyingeniør, globetrotter og kunstsamlar

Av Bent Tandstad

Torleif Almar Tandstad døydde i USA i januar 2025, 87 år gammal. Han hadde eit eventyrleg liv bak seg. Han var ein kunstsamlar av internasjonalt format, hadde reist over heile verda, og han hadde fleire nære vener blant dei største stjernene i Hollywood.

Blant filmstjernene han rekna som gode vener var blant andre Gene Kelly, Avis Scott, Janeth Leigh, Kirk Douglas, og sjølvsgatt «sambygdingane» James Arness og Peter Graves. Desse to karane var, trass i ulike etternamn, brør med bestefar frå Aursneset i Sykkylven. Det var ein artikkel om dei i Årbok for Sykkylven i 2023.

For nokre år sidan gav Torleif Tandstad bort den enorme kunstsamlinga si, som han hadde bygd opp saman med kameraten og kompanjongen Larry Hartford, til Colorado State University i Fort Collins. Dei flytta dit frå Hollywood i 1994. Universitetet måtte byggje ei heilt ny fløy for å få plass til samlinga.

Verdien av dei mange kunstgjenstandane, alt frå måleri og skulpturar til antikke møblar og andre gjenstandar, er ikkje kjend. Men det er snakk om mange millionar dollar. I tillegg til den store kunstsamlinga, er det også eit omfattande bibliotek, med ei av dei største samlingane av kunstbøker i verda. Denne har fått namnet «Tandstad bibliotek».

Kjende meg ikkje heime

– Eg kjende meg eigentleg aldri heime i Sykkylven, og eg var på utkik etter ei utdanning der eg kunne lære engelsk og eit fag. Eg hadde lita interesse av den vesle garden eg vaks opp på. Far likte ikkje det. Han ville eg skulle eg skulle gå i kyrkja og ta over garden, skreiv Torleif Tandstad i ei lita bok han skreiv om livet sitt.

Det var niesa Mona Hofseth, dotter til søstera Haldis, som fekk han til å skrive ned memoarane sine, og boka er også dedisert til henne. Mona er kanskje den som har halde tettast kontakt med onkelen i Amerika. Den tidlegare flyvertinna har også reist på mange turar rundt om i verda saman med onkelen, blant anna var dei i Tibet saman i 2018.

Det starta altså på Ikornnes. Torleif vart fødd i 1936 på den vesle garden til Ola P. Tandstad og kona Berta Midtbust Tandstad. Faren kom frå Simogarden på Tandstad, medan mora var frå Stordal. Ho var systra til den mangeårige klokken i Sykkylven, Ole Midtbust.



Torleif Tandstad saman med slektningen Mona Hofseth på tur i Tibet.

Ola P. Tandstad var småbrukar, heradsagronom, poet og bygdebokforfattar, og han var også ordførar i ein periode.

Å ta over småbruket var altså ikkje aktuelt for Torleif. Han hadde ein draum om å bli jagarflygar, men då sette mora ned foten. Så han utdanna han seg til flymekanikar i Noreg. Seinare utvida han denne utdanninga til å bli flyingeniør i England. Han fullførte utdanninga ved Northrop-universitetet i Los Angeles i California, og her jobba han for tre ulike flyfabrikkar, Garrett AiResearch, Ted Smith Aircraft og seinare for giganten Lockheed Martin.

Interesse for kunst

Det var under utdanninga i London at interessa for kunst dukka opp. Han delte husvære med ein medstudent frå Nederland, og då han slutta, overlét han to måleri til Torleif.

I 1972 budde han i den nordlege delen av filmbyen Hollywood i Los Angeles. Han kjøpte to måleri av nederlandsk opphav, og for å få kjøpet vurdert oppsøkte han House of Hartford Gallery i nabolaget. Eigaren Larry Hartford stadfesta at dette var originalar frå det 19. hundreåret, og dei to karane fann raskt tonen.

Kunstesperten forstod at Torleif hadde peiling, og at han hadde evner som var uvurderlege når det gjaldt taksering og vurdering av kunst. Han var kunnskapsrik, nøyaktig og samvitsfull, og det tok ikkje lang tid før Hartford bad han om å bli kompanjong. Barbara Roberts, som var agent for auksjonshuset Christie's i London, vart også med i det som fekk namnet «Antiques and Art Appraisal Company».



Ein spent Torleif Tandstad før opninga av Hartford Tandstad Collection i 2016.



Torleif Tandstad på talarstolen då Hartford Tandstad Collection vart offisielt opna i september 2016

Barbara døydde i 1975, så då var det berre Larry og Torleif igjen.

Mange av Hollywood-stjernene investerte stort i kunst, og forsikringsselskapa kravde skikkeleg grunnlag for å setje taksten. Og det kunne selskapet til Tandstad og Hartford bidra med. Mona Hofseth kan fortelje om ei enorm mengd med både kunst og kunstbøker i huset der onkelen budde saman med kompanjongen Larry Hartford. Ho fortel at Torleif la ned eit stort arbeid i å sikre at all naudsynt informasjon om kunstverka kom fram, og slik vart dei svært nyttige for dei som inve-sterte pengane sine.

Livet med stjernene

Og slik vart dei to også nære vener med mange av kundane. Dei vart inviterte i mange store Hollywood-selskap, og dei fekk eit nært forhold til mange av superkjendisane. Torleif treivst godt saman med stjernene, men han heldt seg til den gamle garden. Han syntest ikkje så mykje om den nye generasjonen Hollywood-stjerner.

Janeth Leigh, kjend blant anna frå Hitchcock-klassikaren «Psycho», var ei nær venninne. Ein gong i året fornya ho garderoben sin gjennom eit stort motehus i New York. Då var det Torleif, eller Tor som han vart kalla der borte, sitt ansvar å katalogisere alle kreasjonane, og sørge for at forsikringsselskapet hadde den naudsynte informasjonen for å setje ein verdi på kleda.

Han fortalde til Mona at han ein gong var i eit stort selskap hos ein eller annan i filmbransjen. Då var det ein av gjestene som kom inn og hadde fått problem med bilen sin, og han spurde om nokon kunne hjelpe. Den motorkyndige sykkyllvingen tilbaud seg, og blei med mannen ut for å sjå på bilen. Han fiksa problemet greitt, og då han kom inn igjen sa han til verten:

- Det var ein hyggjeleg mann. Kven er han?
- Det er Richard Gere, svarte verten.

Torleif hadde ikkje høyrte om han.

Aursnesingar

I 1968 fekk Torleif brev frå faren sin om at han måtte prøve å ta kontakt med James Arness, hovudrolle-

innehavaren i den populære tv-serien Krutrøyk, som også gjekk i Noreg, sidan dei var i nær slekt.

James Arness tok godt mot flyingeniøren frå Sykkylven og inviterte han heim til ranchen sin i Simi Valley. Broren Petter Graves var der også saman med faren deira, Rolf Aurness. Faren hans utvandra til USA frå Sykkylven. Torleif vart god ven med heile familien, og dei to skodespelar-brørne rekna sykkyllvingen som sin «cousin», altså søskenbarn. Seinare kom det fram at dei nok ikkje var i slekt likevel, utan at det gjorde noko.

Ein gong var Torleif invitert i eit stort selskap på ranchen. Han sat saman med Rolf Aurness, og under middagen spurde Rolf kva Torleif meinte om visepresident Hubert Humphrey, som var valt til presidentkandidat for Det demokratiske partiet. Dette var i den kaotiske tida etter drapet på Robert F. Kennedy.

Kalla Humphrey for kommunist

Torleif, som sjølv var ganske konservativ, svarte tvert at han såg på Humphrey, som var rekna som ein liberal politiskar, som kommunist. Rolf Aurness tende på alle pluggane og bad Torleif om å kome seg ut av huset på rappen.

Då greip Peter Graves inn overfor faren og bad han roe seg ned, og han kravde at dei to skulle ta kvarandre i hendene og bli vener igjen. Det skjedde, og snart var alt gløymt.

Det viste seg at Rolf Aurness kjende Hubert Humphrey, som hadde norsk mor, frå heimstaten Minnesota, og at han var ein varm tilhengjar av han.

– Dette gjorde at eg lærte meg å tenkje før eg snakka. Det var eg ikkje så flink til før, skriv Torleif Tandstad i boka si.

Humphrey var visepresident for Lyndon B. Johnson i perioden 1963 til 1969. Han tapte med små marginar mot Richard Nixon.

Aurness var namnet faren til Rolf hadde valt då han kom til USA. Grunnen til at James kom til å heite Arness, var rett og slett ei feilskriving av ein funksjonær då han skulle underteikne ein kontrakt om ei rolle. Så kom det inn i systemet, og då var det like greitt å berre bli heitande Arness, fann han ut.

Vakker og glamorøs

Torleif hadde mange skodespelarvener i Hollywood. Ei han nemner i boka si er Rhonda Fleming, kjend for å vere uvanleg vakker og svært glamorøs. Om henne skriv han at ho nok var ei av dei vakraste kvinnene i Hollywood, men ikkje særleg skarp. Men som han seier, ho var så vakker at det var ingen som brydde seg om kor dum ho var. Han fortel at ho trudde at ho nedstamma direkte frå sjølvaste Solkongen. Ho viste til at jentenamnet hennar var Louis. Og Louis XIV var det franske namnet på Solkongen.

Medan kompanjongen Larry Hartford rakk å bli gift tre gonger, så vart det ikkje noko ekteskap på Torleif. Det var nære på ein gong. Det nærma seg bryllaup, og det var så nært kommande at Larry alt hadde kjøpt gåve. Då fann Torleif ut at den



Glamour-dronninga Rhonda Fleming var blant dei mange Hollywood-stjernene Torleif Tandstad hadde omgang med. Ho var ikkje av dei skarpaste, sa han om henne.



Sjølvs etter at størstedelen av kunstsamlinga var gitt til Colorado State University var huset til Torleif Tandstad i Fort Collins fullt av kunst og antikvitatar.

komande bruda hadde vore utru, og det nekta han å godta. Det vart ikkje noko ekteskap. Sidan har han deita ein del kvinner, men det vart aldri noko alvorleg.

Han har nok også hatt i tankane at han som ungkar med pengar på bok var attraktiv for ei spesiell gruppe kvinner. Dei som ikkje er ute etter den store kjærleiken, men heller den store formuen. «Gold diggers» som dei blir kalla der borte, gullgravarar på norsk.

Jordskjelv og flytting

Hartford og Tandstad dreiv ein lønsam business i Hollywood, og pengane dei tente investerte dei i kunst. Samlinga blei etter kvart formidabel, heile huset dei budde i var fullt av kunstgjenstandar.

I 1994 vart St. Fernando Valley, der huset deira var, råka av eit kraftig jordskjelv. Huset deira fekk ikkje så veldig alvorlege skadar, men saman med ein stadig aukande kriminalitet i nabolaget, tok dei ei avgjerd om å flytte.

Gene Kelly og den nesten 50 år yngre kona Patricia Ward foreslo at dei kunne slå seg ned i Fort Williams i delstaten Colorado. Det var heimbyen hennar, og ho sette dei i kontakt med foreldra sine. Dei inviterte dei til byen og viste dei rundt, og snart var dei eigarar av eit stort hus i den sørlege delen av byen.

Dei fekk mange vener der i byen også, og dei store juleselskapa dei heldt for vener og kjende var legendariske. Torleif kalla kompanjongen Larry for ein «party hound», som vel best kan omsetjast med det norske ordet «festløve».

Larry var ein god del eldre enn Torleif, og han såg på nordmannen nærmast som ein son. Vener har fortalt at dei samarbeidde svært godt. Larry var den mest taleføre og sosiale, medan Torleif var den smarte og den organiserte.

Larry Hartford døydde av lungekreft i 2012, men då hadde dei alt bestemt seg for å donere kunstsamlinga si til Colorado State University i Fort Collins. Først i 2016 skjedde den høgtidelege opninga av Hartford Tandstad Collection, eit kunstmuseum på nesten 6000 kvadratmeter. I ei fløy som vart spesialbygd til formålet.

Eit livsverk

Sunnmørsposten var med på den høgtidelege opninga i 2016, og då sa Torleif at det den viktigaste dagen i livet hans.

– Dette er livsverket mitt. Eg har ingen barn, så kunsten blei barna mine. Eg er glad no, for eg veit at barna mine har funne ein heim som eg er meir nøgd med enn eg hadde førestilt meg, sa han til avisa på opningsdagen 9. september 2016. Då sa han også at han, basert på familiehistorie, rekna med at han kom til å leve i fem år til. Han fekk fleire år enn han rekna med, og han rakk også fleire turar rundt om i verda. Han besøkte alle dei sju kontinenta. Han var på Mount Everest Base-camp som 83-åring, han fekk også oppleve den livslange draumen om å vitje Tibet.

Fordi han heldt på det norske statsborgarskapet sitt, vart han i fleire år nekta inn-



I 2018 samla han slekta i Sykkylven og i Stordal på Blakstad gard. Her fekk han møte dei fleste av dei attlevande slektningane sine. Torleif Tandstad (framme) saman med slektningar frå Simogarden på Tandstad under det siste besøket hans i heimbygda. Frå venstre Geir Tandstad, Åsmund Tandstad, Agnes Tandstad, som var gift med Pål Tandstad, og Olav Tandstad. Sidan biletet vart teke i 2018, har både Åsmund og Olav gått bort. (Foto: Privat.)

reise til Tibet. Tibet er ein del av Kina, og kinesiske styresmakter likte dårleg at ein kinesisk dissident fekk Nobels fredspris. Visumnekt for norske borgarar var ein del av straffa.

Natur og idrett

Han var i god form heilt til han mot slutten var svært svekt av Parkinson. Han var iblant anna ein ivrig skiløpar, og han vitja skibakkane i Colorado så lenge han hadde helse til det. Naturen var viktig for han, og han følgde godt med på det som skjedde i gamlelandet, spesielt innan idrett. Han fekk sjølv sagt med seg OL på Lillehammer i 1994.

Torleif Tandstad rakk også ein siste tur til Sykkylven og Noreg. I 2018 samla han slekta i Sykkylven og i Stordal på Blakstad gard. Her fekk han møte dei fleste av dei attlevande slektningane sine, og det sette han stor pris på.

Mona Hofseth, som er busett i Sandefjord, kallar onkelen for endelaust nysgjerrig og ein eventyrar med stort hjarte.

- For meg var onkel Torleif aldri berre onkelen i Amerika, han var ven, lære-meister og inspirasjon. Han fann sin eigen veg i livet og bar alltid med seg eit blikk og ein humor som berre ein sunnmøring kan ha. Han valde aldri det trygge, men det ekte. Han lærte meg at det er mogleg å leve stort, utan å gløyme kvar ein kjem frå.



Torine Furstrand Vemøy, fødd 2006, er nettopp ferdig med vidaregåande. Ho er interessert i reising, språk, kunst, trening og musikk.



Torine og Arne er gode vener – trass aldersforskjellen. (Foto: Privat)

Morfar, fortel litt meir....

Av Torine Furstrand Vemøy

Då vi fekk ei skuleoppgåve om å finne ut av livet til ein person vi kjenner, var eg aldri i tvil om kven eg ville skrive om. Eg gjekk berre nokre meter ut av huset, for der bur han som står meg aller nærast: morfar Arne Furstrand..

Vi har alltid vore bestevenner. Han er naboen min, turkameraten min og den eg kan ha både artige og djupe samtalar med. Morfar har alltid henta meg på skulen og spreidd positivitet på bilturar heim med venninnene mine. Han har generelt alltid vore ein gledespreiar for meg i kvardagen. Vi er like spontane og eventyrlystne, og vi har ein tone som alltid endar i smil eller latter – men like ofte snakkar vi om livet, verda og alt vi lurar på.

Så eg sette meg ned ved kontorpulten hans, der kaffisjokoladen alltid står klar, og spurde om han kunne fortelje litt om livet sitt: Han lente seg tilbake og smilte. - Ja, kvar skal vi byrje då?

Og slik byrja forteljinga. Om ein gut fødd i 1945 på Furstranda nær Søvikdalen, utan straum, veg eller toalett. Om oppveksten med søskena, med rampestrekar og kokosmakronar som den einaste kaka dei ikkje åt opp før jul. Det er nesten umogleg for meg å forstå at den same guten seinare skulle bli data-pioner.

Han fortel om Blindheim Møbelfabrikk, om maskinene med holkort, og om korleis dette var starten på IT-reisa. Om Oslo på 1970-talet, då han jobba som økonomisjef om dagen og studerte på BI om kveldane. Om IBM-kursa, programmering, og den første tida med magnetkontokort. Eg sit der og lyttar, fascinert, og prøver å førestille meg kor nytt og uvant dette måtte ha vore.

Så kjem han til vendepunktet: då familien flytta tilbake til Sykkylven. Han fortel om Brunstad-fabrikken, om samarbeidet med distriktshøgskulen i Molde, og om å utvikle EDB-system for møbelindustrien. Eg utvikla ikkje sjølve møblane, seier han, men eg laga på ein måte bruksveglearar for dei nye elektroniske maskinene.

I 1982 starta han Furstrand Data AS, med heimekontor på Aursneset. Han underviste alt frå barn til eldre, og lærte folk å trykke på tastar for første gong. Han var også lærar på vidaregåande i programmering og data. Seinare fekk han reise til USA med IBM, og tok med seg ny kunnskap heim til Sykkylven.

M O R F A R



Torine Furstrand Vemøy (19) saman med bestefar og bestevonn Arne Furstrand (80).

Det er rart å tenke på, seier eg, at du som vaks opp utan straum, blei han som introduserte datamaskiner til bygda. Han nikkar og smiler: -Ja, det var ei tid med store kontrastar.

Når vi pratar, slår det meg at mange kjenner han som pioneren, som læraren, som datamannen. Men for meg er han først og fremst morfar. Han som bur rett ved sida av meg. Han som alltid spør korleis eg har det. Han som blir med på turar når vi får ein idé på sparket. Han som aldri er for travel til å høyre på tankane mine – eller dele sine egne. Det han har gjort for Sykkylven er kjent nok. Men det viktigaste for meg er ikkje pioneren, men mennesket. Bestefaren som både er ein del av lokalhistoria – og av mitt eige liv, kvar einaste dag.



Eldar Høidal
fødd 1956, er tilsett ved Viti/
Møbelmuseet i Sykkylven, skøyte-
løpar og ivrig syklist. Han er histo-
rikar og har skriva ei rekkje bøker
om historia til møbelindustrien og
andre historiske emne. Blant dei
siste bøkene, er bygdebøkene om
Skodje og Haram. Eldar Høidal er
også leiar i Sykkylven soge- og
medlem av årbokredaksjonen.



Å leie ei veneforeining krev både
tolmod og entusiasme. Grethe
Røyr har hatt begge deler i 20 år.
(Foto: Eldar Høidal)

20 år i førarsetet for møbelvenene

Av Eldar Høidal

Grethe Østerhus Røyr hadde inga erfaring frå møbelnæringa då ho i 2005 sa ja til å vere med i styret i den nyskipa veneforeininga til Møbelmuseet i Sykkylven. Ho hadde nådd pensjonsalderen og var i ferd med å trappe ned i stillinga som lektor i språkfag på Sykkylven vidaregåande skule der ho hadde arbeidd sidan 1976. Ho fekk tid til overs og tenkte at møbelkultur og formidling av møbelhistorie kunne vere eit felt å engasjere seg i.

Og arbeidet må ha fenga interessa, for enno 20 år seinare, var ho med i veneforeininga sitt styre, i ein alder av 87 år. Ikkje berre var ho styremedlem, ho vart den første leiaren og ho var leiar heilt til ho fekk avløyning under årsmøtet i vinter.

Renessansemenneske

Når vi spør henne kva som har vore drivkrafta bak dette mangeårige engasjementet, må ho tilbake til oppveksten i Sand kommune i Ryfylke. – Interessa for historie og historieforteljing fekk eg inn i heimen. Både besteforeldre, mor og far var tradisjonsberarar. For dei var det den gamle bondekulturen som var det sentrale.

Då eg kom til Sunnmøre og Sykkylven, var det andre næringar som stod sterkt, og møbelindustrien var det som førte Sykkylven fram til nasjonal merksemd. Når eg hørte om dei lokale industri-gründarane og arbeidarane, kjende eg igjen trekk ved folket og næringslivet i den delen av landet eg kom frå. Også der hadde dei næringsteft og meinte at det galdt å utnytte ressursane på den beste måten, også tidsressursane. Jens E. Ekornes bar på den same arven, og viste til mor si som innprenta at det galdt å nøyte dagane fullt ut til byggjande arbeid. Eg kallar desse rennesansemenneske, dei som ser og utnyttar moglegheitene som menneska ber i seg.

Amnesty

Om ikkje Grethe Røyr hadde anna møbelerfaring enn som brukar av møblar, var ho ikkje heilt utan organisasjonserfaring. Ho har i mange år vore aktiv i losje Venia, og ho har også vore eit interessert medlem i det lokale Høgre-laget.

I 1980-åra tok ho initiativ til å skipe eit Amnesty-lag i Sykkylven. Ho har alltid reagert på urettvise og kunne ikkje sitje roleg å sjå på at menneske vart sperra inne og plaga på grunn av meiningar og tru. Ho fekk samla folk i ei gruppe som sende brev til styresmakter og fekk inn pengar til støtte for fengsla samvitsfangar i mange land. Etter kvart gjekk arbeidet i Amnesty meir over til digitale plattformer,



Grethe Røyr ønsjer velkomen til arrangement på Møbelmuseet. (Foto: Eldar Høidal.)

og det feltet har aldri vore i Grethe sitt interesseområde. Ho vil møte menneske direkte og liker seg aller best når ho kan kome saman med andre og kjenne på den inspirasjonen som ligg i møte mellom ord, tonar og menneske.

Det fekk ho meir av i arbeidet i veneforeininga til Møbelmuseet. Veneforeininga vart innretta for å gje støtte til fagpersonane ved museet. Det har skjedd gjennom at foreininga har teke initiativ til, og vore med å gjennomføre, ulike arrangement med møbeltema.

Mange arrangement

Grethe hugsar med særleg glede tilbake til utstillingane medlemer i veneforeininga laga for å vise møblering og interiør i tiårsbolkar. Dei starta i 1950-åra og gjekk framover til tusenårsskiftet i ei rekkje arrangement, der også informantar frå den lokale industrien bidrog med personlege minne. Slike arrangement, der folk får oppleve eigne minne på nytt, får god respons, har Grethe registrert. Det har ikkje alltid vore slik at veneforeininga gjennom sine treff har nådd ut til dei breie publikumsgruppene. Grethe, som kjem utanfrå, kan somtid vere forundra over at folk i møbelbygda ikkje strøymar til arrangement med møbeltema. Kanskje mange synest dei har brukt nok timar på møbelindustrien? Men då er gleda ekstra stor når

dei lukkast med å nå fram til mange. Grethe minnest mellom anna arrangementet om transportørane i møbelindustrien. Her kom det fascinerande historier fram i dagen, om sjåførar som arbeidde utan arbeidstidsregulering i uoppvarma førarhus med pledd i fanget og på beina for ikkje å få frostskafer. Om eit uhell skjedde, måtte dei ta seg fram til nærmaste telefonkiosk for å få tak i hjelp. På slike treff kjem gjerne nye publikumsgrupper til, som i dette tilfellet karar med bilinteresse, ei gruppe ein ikkje ser så ofte på museum.

Møbelbok og møbelkart

God oppslutning var det også då veneforeininga var med å arrangere jubileumstreff for møbelbedriftene Tynes og Vestlandske, og då dei fekk møbelveteranar på scena i Velledalen for å fortelje om hendingar frå møbelindustrien sin barndom. Gjennom slike arrangement har informasjonsbasen til museet vakse, for treffa vert ofte dokumenterte gjennom lyd- og filmopptak. Det gjeld ikkje minst møbelvandringane som veneforeininga har vore med å gjennomføre i dei fleste møbelbygdene på Sunnmøre; i Sykkylven, Stordal, Skodje, Stranda, Hareid og Ålesund. Særers vellukka var den innandørs «vandringa» som for eit par år sidan vart gjennomført i to runder på Blindheim i Ålesund. Interiørarkitekten Kaspar Bjørkavåg hadde lagt ned eit storarbeid i innsamlinga av bilete og informasjonar. I tillegg til at dette vart vist på storskjerm, vart stoffet samla i eit hefte som er til sals i Møbelmuseet.

Gjærbakst

Eit anna storløft for veneforeininga var då ho finansierte utgjevinga av boka Møbeleventyret – Møringane som møblerte landet, skriven av fagfolka på Møbelmuseet, Kjetil Tandstad og Eldar Høidal. Møbelkartet, som omtalar alle møbelbedriftene som har vore i Sykkylven, er også eit av dei synlege resultatane av veneforeininga sitt arbeid.

Møbelmuseet og veneforeininga ser ikkje berre bakover. Dei siste åra har foreininga vore praktisk tilretteleggjar for det årlege møbelbransjetreffet som har blitt arrangert på Sykkylven kulturhus. Her har Grethe hatt eit stødig grep om arbeidet på kjøkkenet og sørga for at møtedeltakarane har fått fylle opp tallerkane sine med lunsjmat og kaker. Apropos mat. Grethe er glad i bake, og på kvart styremøte i 20 år har ho teke med eit stort fat med gjærbakst, ferske kaker med saftig vaniljefyll. Styret i veneforeininga kjem ganske visst til å sakne baksten til den avgåtte leiaren.

Ihuga loddseljar

Når vi har denne praten dagen etter at Grethe leia sitt siste årsmøte i veneforeininga og overlet leiarvervet til Magnar Vigstad, synest ho det kjennest rart at denne perioden er over. Så rart at ho eigentleg ikkje er klart til å gje heilt slepp. Møta i venelaget har vore noko Grethe har sett fram til, gode høgdepunkt i kvardagen, særleg etter at ho for eitt år sidan miste ektemannen, Petter. Dei siste orda hennar i takktalen på årsmøtet bar bod om at ho ikkje vil bryte tvert av: - Det blir liksom så brått å berre seie «takk for laget.» Eg seier heller at eg ser fram til ein ny fase. Me treng å møtast og å få prate saman – det er så mange tema som berre ligg og ventar!



Grethe Røyr går av etter 20 år som leiar for veneforeininga til Møbelmuseet og kan overlate leiarvervet til Magnar Vigstad. (Foto: Eldar Høidal).

Og det skulle ikkje undre oss om ho framleis er motivert for å ta ein runde i nabolaget sitt med loddboka, foreininga si viktigaste inntektskjelde.

Vil følgje med

Vi avslutta intervjuet med å invitere Grethe med på kafé, ein kafé som har vore i drift i eitt års tid i Sykkylven sentrum. Der møtte ho folk ho kjende, dei fleste langt yngre enn henne. Ho hadde aldri vore på kaféen. Det er så mykje anna å finne på enn å gå på kafé. Kanskje er det oppveksten i det nøysame bygdemiljøet på sørvestlandet som slår inn igjen? Det er mykje å gjere i eit stort hus. Ho liker å strikke og å lese, både aviser, sakprosa, dikt og romanar. Noko å sjå på fjernsyn finn ho også. Kjenner vi henne rett vert ho ikkje gjerandslaus i framtida heller!



Geir Tandstad
fødd 1955, har vore lærar
ved Sykkylven ungdomsskule,
Velledalen skule og Tandstad skule.
I tillegg har han vore gardbrukar på
heimegarden på Tandstad.

Henrik Straumsheim – i minneglansen skine?

Av Geir Tandstad

Henrik Straumsheim reknar vi sykkylvingane som vår eigen diktar, sjølv om han budde mesteparten av livet i Ørsta. No er det 50 år sidan Straumsheim døydde, og då må det vere på sin plass å minnast han litt ekstra. Han toler godt å vere meir i ljuset enn å ha ein litt gløymd og halvt bortgøymd minnebauta ved nedlagde Tandstad skule i Straumgjerde.

Då Ivar Grimstad heldt festtalen under avdukinga av bautasteinen i 1981, slo han fast dette: «Frå no av skal bautaen minne ikkje berre sykkylvingane, men også komande slekter av sunnmøringar, om truskar mot sitt eige opphav, mot dei åndsverdiar som har vore fundamentet for folket på Sunnmøre». Det var altso store ord i verdsettinga hans av Henrik Straumsheim, men òg om ambisjonen for minnebauten.

Allsidig kulturformidlar

Framleis lever folk som minnest eigne, sterke opplevingar av Henrik Straumsheim som ein heilstøypt og markant kulturperson med ei særprega, god formidlings-evne. Det er vitnesbyrd om slike opplevingar både frå undervisninga hans ved Møre Folkehøgskule og ulike kulturelle tilstellingar med program i lag og lyd. Det vart sagt at viss ein sikra seg Henrik Straumsheim til programmet, trong ein knapt noko anna. Han kunne halde tale med føredrag eller kåseri, han kunne lese eigne dikt eller annan litteratur, og han song solo eller i kor, gjerne som dirigent. Aktivitetar knytte til ungdomslagsrørsla var ei av hovudinteressene hans heile livet. Kanskje var det Straumsheim sjølv som var i aktivitet – iallfall kunne det godt ha vore det – då ein sykkylving hadde teke seg ein tur til ei nabobygd på den tida Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag (der Straumsheim sat i styret i 26 år) sende ut turnear dei kalla «Ein kveld i ungdomslaget». Sykkylvingen vart iallfall so oppglødd at han reiste seg i ein programpause og spurde høgt om det var fleire frå Sykkylven til stades. Og då han fekk eit forsiktig og nølande, men positivt svar, kom det: «He’kje øss det fole kjekt vel!»

Somme har oppfatta Henrik Straumsheim som ein litt avgrensa diktar når det gjeld både produksjon og emneval. Det er ein ganske overflatisk og ureflektert dom å felle, og det vitnar om lita interesse for å sette seg grundigare inn i både livet og diktinga hans. Diktinga var noko han verken levde av eller for, men meir ein tilleggsaktivitet, innimellom viktigare prioriteringar, når han fann tid til å fylgje lyst og behov for å uttrykkje seg skriftleg. Arbeid i karrige oppvekstkår og so eit langt



Eit sjeldan bilete av ein ung
Henrik Straumsheim (t.v.) i
militæruniform, saman med
Ola P. Tandstad, som var bror
til Oline, kona til Henrik. Ola
gav sjølv ut to samlingar med
eigne dikt, men er mest kjend
for å ha skrive boka «Sykkyl-
ven i eldre tid».
(Foto: Sødahl, Veblungsnes)

yrkesliv som lærar, kom fyrst, saman med familien, dernest eit sterkt engasjement i fritida for folkeleg og organisert kulturliv.

Musikalitet og kvalitet

Diktarevna var det likevel ikkje råd å legge vekk eller halde løynd, og allereie då Henrik fekk fyrste diktet sitt på trykk, *Heimen min*, som 17-åring på mellomskulen i Volda, blei diktet tonesett av den kjende komponisten Sivert H. Geitvik. Straumsheim vart for alvor lagd merke til med det sokalla spelstykket sitt, *Stølshelg* (1917), med mykje song i innhaldet. Det vart lenge mykje brukt i ungdomslaga. Seinare har svært mange av dikta til Straumsheim fanga interessa til komponistar. Det er ikkje vanskeleg å skjønne, for Henrik Straumsheim var ein musikalsk lyrikar med særstødig metrikk – rim og rytme – i strofene, med mykje bruk av ulike vokalklangar i orda, vekslende med varierte bokstavrim. Det er nok ein av grunnane til at so mange fann det lett både å like og å lære – eller å tonesette – dikta hans. Då Ålesundaren Bjarne Eidsvig blei spurd av redaktør Ivar Flem i Sunnmørsposten om å sette ein melodi til *Heimbygda*, kom han att dagen etter og sa at det tok like lenge å komponere melodien, som det tok å spele han. At dikting og song gjerne høyrer saman eller utfyller kvarandre, har Straumsheim sjølv uttrykt slik, i *Tonen* (1938): «Det som du ikkje fekk seie med ord, løyste seg stundom i song».

Ein treng ikkje undre seg over at to dikt av Henrik Straumsheim kom med i Nynorsk Salmebok allereie frå fyrsteutgåva i 1925; *Bøn (Herre, lei med faderhender)*, 1919) og *Palmesundag (Kongen over alle kongar)*, 1920). Heller ikkje at han vann fyrstepremien i skrivekonkurransen om kantatetekst til Ålesund by sitt hundreårsjubileum i 1948, der strofene til *Ut mot havet* står, som Edvard Fliflet Bræin komponerte den kjende tonen til.

Nådde fram til folk

Kulturkjempa Ivar Grøvik i Ørsta heidra Henrik Straumsheim med eit radioprogram på riksnettet då dikteren snart vart åtti år, der han sanna at Straumsheim sjølv sagt i stor grad var ein heimstaddiktar. Straumsheim kjende liv og lagnad til folk på våre kantar, med naturen i ei hovudrolle: «Eg vier min song til den ville natur», skreiv han i *Songviglsle* (1929). Men han skreiv òg fleire sosiale dikt, der han tydeleg tok parti med taparane i samfunnet. Og lenge før omgrepet mobbing kom i bruk,

kunne ein lese om nettopp det i dikta *No er ho Ingegjerd gøymd* og *Ein mann*, begge i debutsamlinga hans «*Helgarkvede*» frå 1922.

Diktinga hans nådde fram til og trefte folk fordi han sette ord på det som gav dei attkjenning og opplevingsglede, meinte Ivar Grøvik. Jostein Fet – sjølv ei sykkyllvs-kjempe frå breitt kulturarbeid og undervisning – var òg samd i at den viktigaste verdien av Straumsheim si dikting nettopp låg i funksjonen; korleis diktinga hans faktisk vart brukt, kvar, når og av kven. Då samlinga med utvalde dikt etter Henrik Straumsheim kom i 1981, stod det i føreordet: «Bøkene hans er lange utselde, og dei som finst i heimar og boksamlingar, er lesne i filler etter aktiv bruk i lagsliv og til personleg glede». I ettertid er vel titteldiktet *Ro stilt langsmed landet* det sterkaste vitnemålet for evna Straumsheim hadde til å skrive lyrikk med enkle ord, som likevel treffer einskildmennesket sterkt og djupt, med stor attkjenningsverdi.



Slektstreff i Simågarden på Tandstad i 1965, då systera til Oline, Anna, feira 75 år (systrene sitjande i lag bak i kråa, t.v. for Henrik, Oline med briller). Henrik og Oline heldt i alle år god kontakt med slekta på Straumsheim og Tandstad. Henrik bygde seg hytte ved Fetvatnet på Straumsheim, lenge mykje nytta sommarstid av dei sjølve og etterkomarane. No står hytta til nedfalls. (Foto: Pål Tandstad)

Heimbygda

Framleis sit det visst langt inne for somme ørstingar å godta at diktet *Heimbygda* er tileigna Sykkylven, då Henrik Straumsheim skreiv det i 1931, tre år etter han flytte til Ørsta med familien sin. Sunnmørsposten lyste altso ut konkurranse om beste heimbygdschildringa – med valfri skrivesjanger, slik at somme av dei nesten to hundre som deltok, skreiv prosatekstar. Sunnmørsposten kunngjorde at Straumsheim vann konkurransen «Heimbygda mi» i avisa si slik: «1. pris til Sykkylven».

Ordlyden i overskrifta til stykket mitt (utan spørjeteiknet) låner eg frå siste verselinja i fyrste strofa av *Heimbygda* – ei interessant linje! Denne ordlyden finn vi på trykk både i Sunnmørsposten og i «*Fjordlandet*», andre diktsamlinga til Straumsheim, som òg kom ut i 1931. Edvard Drabløs, den kjende skodespelaren som var syskenbarnet til Henrik på morssida, las òg verselinja slik i fleire opptak for radioen – og slik er vi framleis vande med å synge verset.

Truleg er det mange som ikkje veit at vi syng denne verselinja av *Heimbygda* med verbet *skine* i konjunktiv (likt med infinitiv, med same trykk og tonelag som rimordet *hine*) – som då betyr eit sterkt vilja ynske (døme: Kongen lenge *leve*!). Når vi syng tonen, er det nemleg uråd å skilje det frå sunnmørsdialektene sin vanlege presens (notid) av verbet (døme: Sola *skin-e* i dag), med ein ekstra e-lyd i enden av sterke verb (ein sokalla svarabhaktivokal).

Henrik Straumsheim valde å endre verselinja, tilpassa tonen, i diktutgåva som står i «*Morgonlandet*». Ho kom i 1963 og var den tredje og siste samlinga han sjølv gav ut mens han levde. Der er ordlyden «i minneglans *vil skine*», med verbet i futurum. Slik står det òg i samlinga med utvalde dikt etter han, «*Ro stilt langsmed landet*» (1981, med ny utgåve i tre opplag frå 1988 til 1994). Ho markerte både 50-årsjubileet for *Heimbygda* og avdukinga av minnebauten over diktaren. Bautasteinen i Straumgjerde fekk òg den siste diktutgåva, men ei oppussing for nokre år sidan endra tekstplata til originalen, slik vi syng verset.

Målmannen Straumsheim levde nok godt med begge variantane og korleis folk oppfatta(r) det. Han brukte av og til verb i konjunktiv, særleg i dei tidlege dikta, men òg i seinare dikt, som i *Berget i hagen* (1962): «Som berg i ein blømande hage vere den motgang du møter».

Heidra og høgt akta

Henrik Straumsheim vart etter kvart ein etterspurd mann i fleire samanhengar, sjølv sagt mest her på Sunnmøre, og særleg til store markeringar. Det var soleis han dei vende seg til for festprologar til avdukingane av monumenta over Ivar Aasen, Anders Vassbotn og Anders Hovden. Sameleis fekk han oppdraget om prolog til gjenopninga av Vigra kringkastar i 1948, med ei sær minneverdig framføring i radioprogrammet frå festen i Ålesund. Han fekk òg stor merksemd då han vann Dagbladet sin konkurranse om beste omsetting av både eit engelsk og eit svensk dikt, høvesvis av Lord Byron og Hjalmar Gullberg, der fleire kjende norske lyrikarar deltok.

Elles kom Straumsheim med i Statens teaterråd og var med der i mange år. Han vart utnemnd til heidersmedlem i fleire lag han hadde vore engasjert i, til dømes Noregs Mållag. Kongens fortjenestemedalje i gull fekk han òg, som høgste æresprovet.

Markeringar i heimbygda

Henrik Straumsheim er ikkje gløymd i heimbygda Sykkylven. Tolv år etter avdukingifesten for bautaen i Straumgjerde var det 100-årsjubileum for fødselsåret til diktaren. Nokre eldsjeler frå heimkrinsen fekk i stand ein stor kulturfest og programkveld på samfunnshuset i Sykkylven, med kåseri, diktlesing, solosong og kor song. Musikklaget Lurlåt var òg med – korpset i Sykkylven som Henrik Straumsheim i si tid både var med i frå starten av, samt hadde namneforslaget til. I tillegg var det framsyning av ljusbilete frå sykkylvsnaturen, som Straumsheim kjende so godt og inspirerte han til mange av dikta hans. Per Straumsheim, son til Henrik, var gjest på festen og avslutta programmet med å lese diktet *Ro stilt langsmed landet*.

På bedehuset i Straumgjerde var det i april i år òg eit ganske allsidig program som heidra 50-årsminnet etter Henrik Straumsheim, med diktlesing, kåseri, song og musikk – soleis i god tradisjon etter Henrik sjølv. Frå bedehuset er det kort avstand til alle fire stadane som særleg knyter han til krinsen: Teigen – farsgarden med barndomsheimen hans, Tandstad gamle skule – der han var både elev og lærar, Tandstad skule – der minnebautaen står, og ungdomshuset Vaarvon – der han lenge var svært aktiv i lagslivet til UL Samhald.

Kva no – og heretter?

Minnebautaen over Henrik Straumsheim står altso på kommunal grunn i lunden attmed festplassen ved Tandstad skule. Det var rett stad i 1981, men ikkje no lenger, med nedlagd skule og ubrukt festplass. Viss minneglansen til Henrik Straumsheim ikkje skal falme altfor fort, må bautasteinen snart få ei ny og betre plassering. Om seks år, i 2031, er det hundreårsjubileum for diktet *Heimbygda*, samt femti år sidan avdukinga av bautaen. Kan vi håpe at UL Samhald og Sykkylven kommune til då har samarbeidt om ei flytting bort til det velhaldne og mykje brukte ungdomshuset Vaarvon, med tomtegrunn på Straumsheim gard?

.....

Kjelder

Henrik Straumsheim: «*Helgarkvede*» (1922), «*Fjordlandet*» (1931), «*Morgonlandet*» (1963), «*Ro stilt langsmed landet*» (1981)

Sunnmørsposten 06.03.1931: «Heimbygda mi. 1. pr. til Sykkylven»

Sunnmørsposten 02.12.1981 – Terje Aarset: «Heimbygda 50 år»

NRK radio 12.04.1948: «Vigrasendaren i eteren att»

NRK radio 23.05.1972 – Ivar Grøvik: «Lyrikaren, humoristen og alvorsmannen Henrik Straumsheim»

NRK radio 05.11.1981 – Tor Berre: «Bygda heidrar sin diktar»



Bautasteinen i lunden ved Tandstad skule. Kjem ein nær nok, kan ein sjå nokre festespor i tekstplata frå før oppussinga, då sistelinja vart endra til den originale diktutgåva. (Foto: Geir Tandstad.)



Eldar Høidal, fødd 1956, er konservator ved Møbelmuseet i Sykkylven og er ivrig syklist. Han har skrive ei rekkje møbel- og lokalhistoriske bøker. Han er leiar av Sykkylven sogenemnd og medlem av årbokredaksjonen.

Spesialforretningar med fleire bein

Av Eldar Høidal

«Handelen gjev bygda liv» heitte det i eit motto som den lokale handelsforeininga brukte i mange år. Ja, kva hadde bygdesenteret vore utan butikkar, utan faghandlar og spesialforretningar, kaféar, frisørar, bank, post og alt det vi treng for å få kvardagane til å gå i hop. Kva om vi måtte over fjorden og til Moa og Ålesund for å handle klede, strikketøy, sko, sykklar, akebrett, fjernsyn, papir og spader?

Handelsbedrifter kjem og går, slik har det vore og slik vil det alltid bli. I 1983 gav Sykkylven handelsforening ut eit hefte: «Handelsnæringa i Sykkylven». Jon Hole førte heftet i pennen. I heftet var det ein presentasjon av alle handels- og service-bedriftene i kommunen. Her var det lista opp bankar, bensinstasjonar, kaféar og bygningsfirma, i tillegg til dei vanlege spesialbutikkane og daglegvareforretningane. I det følgjande vil vi halde oss til den siste gruppa og sjå på utviklinga innan faghandelen i Sykkylven sentrum opp gjennom åra.

Fleire bein å stå på

I heftet frå 1983 er det omtale av 60 butikkar, faghandlar og daglegvareforretningar i området Aursneset – Vik. Mellom desse finn vi Bergmann -, spesialforretning for bøker, papirvarer, kontorutstyr, hobbyartiklar og leiketøy, AS Brukskunst - forretning for brukskunst, pynteting og suvenirar, Arne Dale – skobutikk, Elisabeths broderisalong, Musikksenteret AS og Dagny Rønnes mode-forretning. Alle desse er vekke i dag. Ei oppteljing av spesialforretningar og daglegvarebutikkar i sentrumsområdet i dag viser at det er vel 20 slike butikkar. Nokre bransjar er heilt borte, som urmakar og bokhandel, men stort sett alle varegrupper er representerte i Sykkylven sentrum. Eit trekk vi merkar oss, er at fleire forretningar har utvida varespekteret sitt for å få fleire bein å stå på. I ei skoforretning kan ein også finne leiker, med mindre sal av fotoapparat kan fotoforretninga satse meir på gåvartiklar og kunst, ein av sportsbutikkane sel ikkje berre elektriske sykklar, men også elektriske kvitevarer. Kanskje kan vi seie at varehandelen i bygdesenteret har teke ei lita omdreining tilbake til det som var utgangspunktet, den assorterte landhandelen, krambua som hadde alt forbrukarane trong av kjøpevarer.

Offentleg handelsstatistikk viser at dei lokale butikane i mange år har greidd å halde på kundane sine. I 2008 handla innbyggjarane i Sykkylven i snitt for 46.000 kroner i lokale butikkar, i 2021 var dette auka til 71.000 kroner. Det var nokså likt utviklinga i nabokommunane Stranda og Ørsta.

I det gamle samfunnet skaffa folk seg det meste dei trong til levemåten frå eigen gard, eller dei bytte til seg varer dei mangla. Folk levde i eit naturalhushald.



Den gryande tettstaden Aure i 1905. Handelen var ein viktig føresetnad for framveksten av bygdesenteret.



Familiebedrifta B.S. Aure har vore til stades i Sykkylven sentrum i over 150 år. Framleis set forretninga sitt sterke preg på gatebiletet, og sommarsdag flytter jernvarehandelen til B.S. Aure mange av varene ut på fortauet.

Med utbygging av kommunikasjonane og auka varehandel mellom land og regionar, vart det meir spesialisering i produksjonslivet. Kvar region la opp drifta etter kva som passa best for området. På Sunnmøre vart det mindre korndyrking og overgang til grasproduksjon og dyrehald. Det kom meir pengar inn i varebyttet, og for pengar bøndene i Sykkylven tente på sal av smør og kjøt, kunne dei kjøpe korn og anna dei trong i næringsdrifta og privathushaldet. Det vart behov for forretningar som hadde varer dei ikkje lenger tilverka på gardane.

I Sykkylven var det tidlege handelsstader på Blakstad og i Tusvika. På Aure var Severin Karlsen Tynes (1848-1912) ein av dei første som byrja med handel. Han hadde eit plassebruk på Tynes og supplerte inntekta frå den vesle plassen med oppdrag som muskar og skreddar. Han selde også skreddarvarer som nål og tråd og formidla sal av landbruksprodukt. I 1878 byrja han handel i den vesle Prestestova på Aure, saman med kona si, Ane. Då han flytte til Aure, tok han namnet etter staden. Dette var starten på familiebedrifta B.S. Aure som framleis står sentralt i handelsnæringa i Sykkylven.

I 1885 flytte Severin forretninga ned i Haubukta der ho vart nærare ekspedisjonen av rutebåtane som byrja å trafikkere fjordane på Sunnmøre på denne tida. Severin var ein tiltaksfull kar og tok også på seg oppgåva som dampskipseks-peditør. Butikken han dreiv var ei krambu av det tradisjonelle slaget, der varene hang frå taket, var tira opp i hyller eller fanst i lausvekt i store skuffer – salt, sukker, kaffi, sirup, såpe, spader, kjolestoff.

Personleg sørvis

Svein Aure er fjerde generasjon handelsmann. Saman med broren, Bjørn, har han gjennom mange tiår følgt opp familietradisjonen og drive allsidig handel, nesten etter krambumodellen. B.S. Aure har delt verksemda opp i fleire delar. Under selskapsparaplyen driv dei både fargehandel, jarnvareforretning, spesialbutikkar for kjøkkenutstyr og sport. Ei tid dreiv dei også daglegvareforretning, både på Aure og i Hundeidvik, og slakteri og kjøtforretning.

Forretningane til B.S. Aure er samla midt i Aure sentrum og bidreg til eit levande gatemiljø med varer som er plasserte på fortauet så lenge veret tillet det.

-Kva er løyndomen bak denne uthaldande forretningsdrifta?

-Det er mange faktorar som spelar saman, men først og fremst handlar det nok om å tilby varer og tenester som folk treng og på ein konkurransedyktig måte. Vi har lagt stor vekt på personleg service og høg fagkunnskap. Vi vil også vere tilgjengelege når folk treng oss. Difor opnar vi jernvareforretninga kvar dag klokka sju, slik at handverkarar og andre kan få tak i dei varene dei treng før dei byrjar arbeidsdagen.

Svein Aure legg til at dei også har den fordelan at dei har drive i over 150 år, og held til i bygg som dei eig sjølve. God likviditet gjer at dei slepp å lånefinansiere varekjøp. Men også dei er avhengige av lojale kundar. Det er lokalkmarknaden

som er den viktigaste for dei, og så langt ser det ut som om lokale kundar set pris på å ha fagbutikkar i nærområdet. Mellom anna av grunnar som Kjetil Tandstad er inne på i boka om B.S. Aure og som kom ut i revidert utgåve til 150-årsjubileet i 2020: «.. Derfor er det hit ein kjem i naudas stund, sveitt og forkava like før stengetid juleaftan, når ein har oppdaga at juletrelysa ikkje lyser likevel. Først i farens stund forstår ein kor viktig det er å ta vare på bygdas eigne butikkar og handle lokalt.»

Handel og trivsel

Ei anna familiebedrift som har halde til lenge i sentrum er Strømme Klær og Sko. Butikken har sitt opphav i Strømme konfeksjonsfabrikk som Thomas Strømme og sonen Børre Strømme etablerte i 1962. I 1977 førte dei opp eit nytt fabrikkbygg på Aure der dei mellom anna laga uniformer, men også ein del målkonfeksjon til bygdefolk. Her hadde dei også utsal av herre- og ungdomsklede, fram til dei flytta til nye lokale ved Kyrkjevegen midt i 1980-åra. Då dei kom hit, utvida dei etter kvart varespekteret til også å gjelde dameklede og sko. Dagens drivarar er tredje generasjon ved Thor og Lisbeth Strømme. Fjerde generasjon, ved sonen Andreas, har arbeidd i butikken i om lag eitt år.

Som andre klesbutikkar merkar dei konkurransen frå store kjedebutikkar i næraste by, Ålesund og Moa, og ikkje minst handel gjennom nettet. Men slik Thor og Lisbeth ser det vil det alltid vere behov for lokale fagbutikkar. Dei er begge klare på et dei er konkurransedyktige både på pris og vareutval om ein samanliknar med konkurrentane på andre sida av fjorden. – Og vi har den fordelan at vi er nære, og at vi har høve til å dele fagkunnskap som er opparbeidd gjennom lang tid med kundane våre.

Lisbeth fortel at dei ofte får besøk av kundar frå ålesundsområdet, og utflytte sykkylvingar på heimebesøk, som seier at dei liker å handle i spesialforretningane i Sykkylven. Her er alt samla på oversiktleg areal, dei opplever at dei får god hjelp og fagkunnige råd.

Utanfor butikkvindauga høyrer vi skramling frå maskiner og kjenner risting i grunnen. Det vert grave i gata fordi det skal bli meir tiltalande gatemiljø også for dei mjuke trafikantane. – Slike forhold er vi handelsdrivande i sentrum vande med, seier Thor Strømme. Målet om å skape trivelege gater og leggje til rette for trygg ferdsel for alle i sentrumsmiljøet, støtter også dei handlande. Eit levande sentrum består ikkje berre av butikkar, men også av kaféar med uteservering, tumleareal for born, grønne lunger, fortau og sykkelveggar.

«Takk for at du handlar i Sykkylven»

På andre sida av Kyrkjevegen finn vi to andre klesbutikkar; Silhuett og Frøken Larsen. Frøken Larsen er ei vidareføring av Silhuett dame og Solveig Alnes-Bonesmo har drive forretninga i leigde lokale sidan mars 2019. Ho var også tilknytt forretninga då ho vart driven av Marta Riber Roald og Karianne Hjellegjerde. Solveig syntest det ville vere leitt om forretninga skulle bli lagt ned, for slik ho ser det, er det trong for ei forretning med klede for vaksne kvinner i Sykkylven. Som mange



Lisbeth og Tor Strømme trur det alltid vil vere behov for lokale faghandlar. Det er allsidig vareutval i hyllene i butikken deira: klede, undertøy, sko, vesker og sanitærartiklar.



Bengt Lyshol framfor butikken til Foto Lyshol som ikkje lenger er ein rein fotobutikk. Om lag 30 prosent av omsetnaden skjer gjennom nettet.



Solveig Alnes-Bonesmo stiller sjølv gjerne opp som modell når nye kolleksjonar skal presenterast, anten det er på fjellet i Sykkylven, i fjøra på Alnes eller på scena under Sykkylvsdagane, som her. Fremst i modellrekka er Solveig sjølv, vidare Cosmina Besliu, Bente Skjeret Tynes, Hilde Aurdal og Annette Kalstad. Foto: Ann Elisabeth Hjelseth.

andre forretningsdrivande i sentrum ser ho at det er behov for fleire bein å stå på. For hennar del har det resultert i at ho har behalde arbeidet sitt i heimetenestene, og at ho driv butikken mellom øktene ho er ute i bygda og hjelper pleietrengande.

- Eg trivest med begge yrka mine, men skal ikkje underslå at det vert lange dagar. Men så lenge eg opplever arbeidsglede og god kunderspons så skal eg halde fram med butikken, der eg har god hjelp av Grethe Wullum og dottera mi.

Solveig opplever at mange sykkylvingar er flinke til å støtte oppunder lokale butikkar. Ho trur det kjem av at dei er nøgde med den sørvisen dei får der. Ho seier at det er grunnleggande viktig at dei møter kundane med interesse og gjev dei god hjelp i butikken.

- Det er også viktig med informasjon. Eg er jamleg ute med presentasjon av nye produkt på sosiale media, og opplever at folk kjem inn i butikken og seier dei skal ha kjolen som dei såg i eit innslag på nett. På nettsidene sine har ho ein link som ho kallar «Takk for at du handlar i Sykkylven.» Ho vurderer også å etablere netthandel.

Solveig Alnes-Bonesmo er med i styret i Sykkylven handelsforeining der dei prøver å få til fellesaktivitetar som kan trekkje folk til handlegatene. Sykkylvsdagane er det største løftet, med godt besøkte moteoppvisingar kvart år. Men dei prøver å spreie aktivitetane utover heile året, og i førjulstida i år vil dei lage ei koseleg handlegate med boder og aktivitetar. Dette skjer i samarbeid med foreininga Sentrumsvenner.

Foto med mykje attåt

Ei forretning som har omstilt seg og utvida varesortimentet dei siste åra er Foto Lyshol. Det var Peder P. Lyshol som starta fotoforretninga på Aure i 1936 som ein av dei første spesialforretningane i sentrum. Sidan 1955 har forretninga halde til i eige hus i Aure sentrum. I mange tiår har familien Lyshol drive med sal av fotoapparat og alt som høyrer til fotofaget, dei har også hatt rammeverkstad og fotoatelier. Dei har fotografert både for private og for bedrifter. Dei siste åra har det skjedd store endringar i fotobransjen med overgang til digitale teknikkar, men Bengt synest det er artig at dei gamle analoge kameraapparata med filmrullar i ein viss mon er tekne i bruk igjen, særleg av dei unge. Fotobutikken må følgje med i skiftande tider, seier Bengt Lyshol, som i dag står bak drifta av Foto Lyshol, ein av tre fullsortiments fotoforretningar i fylket.

- Framleis framkallar vi bilete, og hentar dei ut frå mobiletelefonar og andre digitale apparat. Mange vil gjerne ha bilete i album framleis, og det kan vi hjelpe dei med, både frå butikken og via nettet. I nettbutikken tilbyr vi også kalendrar, lerretsbilete og aluminiumsbilde i ulike format. Innramming av bilete har vi drive med i alle år.

Bengt Lyshol seier at dei i dei siste åra har teke inn nye varegrupper som blekk og papir, i tillegg til at dei også har gåveartiklar med lokale motiv og uttrykk. Dei sel også ein del kunst av lokale kunstnarar. Lokale er også bøkene som ligg godt synlege midt i butikken.

Sykkylven har ikkje lenger urmakar, men Foto Lyshol har teke over noko av vareutvalet til Asbjørn Loland som tidlegare var urmakar og gullsmedforretning. Lyshol tek seg av batteriskifte og reparasjon av klokke i tillegg til at dei sel klokke i rimelege prisklasser.

Gullnåler og bunadar

Det nyaste innslaget i butikkfloraen i Sykkylven er Gullnåla. Det er Tove Øyen som sidan juni 2025 har stått bak disken i denne forretninga som held til i dei same lokala som gullsmed og urmakar Asbjørn Loland dreiv i. Tove har teke med seg noko av varesortimentet som Loland og etterfølgjarane hadde, det gjeld i første rekkje smykke og sølvtøy. Men mest tid bruker ho nok framleis på bunadsaum. Dette er ein aktivitet ho har drive med i mange år, og no har ho innreidd saumverkstad i bakrommet der det tidlegare vart reparert klokke.

Tove har økonomiutdanning og har i fleire år arbeidd i industrien i Sykkylven. Då lokala her vart ledige, såg ho sjansen til å kombinere si store interesse for bunadsaum med butikkdrift. Det gjev ei trygghet å ha fleire bein å stå på, men denne driftsforma er tidkrevjande når ein skal gjere det meste sjølv. Tove kjem til butikken klokka sju om morgonen og sit og syr til butikkdøra opnar klokka ti. Etter at døra er stengt i femtida, er det å gå tilbake til verkstaden og halde fram med bunadsaum.

- Det hadde vore vanskeleg å få til dette utan hjelp frå familien, seier ho, som engasjerte både sambuar og søner då lokala skulle innreiast. Eine dottera hjelper i butikken når ho har fri frå skulen.

Tove Øyen har tru på at ho skal greie å finne eit driftsgrunnlag i Gullnåla, og ho seier at innan smykke, gull- og sølvtøy fyller ho eit tomrom i kommunane Stranda og Sykkylven. Omsetninga i hennar faggrein varierer ein del med årstidene, og ofte er det rolege tider midt på sommaren. Det kan ein vege opp for om ein lukkast med å få turistar innom dørene. Ho vurderer å få butikken godkjent som tax-free-butikk. Då kan det bli meir attraktivt for utlendingar å handle her. Tove har også etablert nettbutikk og ser det som heilt naudsynt å vere til stades på nettet for ei spesialforretning i ein kommune med avgrensa kundegrunnlag.

Kortreiste handleturar

Handelsforretningane i Sykkylven tilpassar seg skiftande tider og trendar, og har knappast noko anna val. Tendensen i det lokale butikkmonsteret er at det gjennom åra har blitt færre spesialforretningar, at mange av dei som held stand har halde det gåande i ei årrekkje, og held til i eigne bygg. Allsidig vareutval og hjelp frå familiemedlemer er også typiske trekk for dei som driv handel i Sykkylven.

Folk som har passert gjennom sentrum dei siste åra har ikkje kunna unngå å leggje merke til at det har vore ein del tomme lokale på gateplan. Men ofte har desse etter ei tid blitt fylte opp av nye tiltak. Det har mellom anna kome ein gjenbruksbutikk, Gi glede, som viser eit nytt trekk i handlemønsteret, at folk er meir miljømedvitne og ønskjer å bidra til mindre bruk- og kast.

I utviklinga av handelssenteret spelar også kommunen ei viktig rolle. Gjennom



Tove Øyen tok spranget og har no gjort hobbyen til levebrød. Bunadsaum blir supplert med sal av smykke, klokker og ulike gåveartiklar.

tilførsel av eksterne og kommunale midlar har Sykkylven kommune dei siste åra hatt fokus på utviklinga av sentrumskvadraturen, både når det gjeld fornying av næringsverksemda og dei visuelle og funksjonelle elementa i handelssenteret. Anne Marie Andreassen har dei siste par åra vore knytt til eit tettstadprosjekt der ho har fått arbeide med små og større tiltak som kan stimulere til aktivitet og trivsel i sentrum. Den tradisjonelle faghandelen er ein kjernefunksjon i ein tettstad, men ein må også ha inn andre element for å trekkje til seg folk. For Anne Marie Andreassen handlar det mellom anna om å leggje til rette for menneskemøte.

– Dei store konkurrentane våre er netthandelselskap og kjedebutikkar på Moa. Vi må tilby noko anna og leggje meirverdiar inn i handels- og sentrumsopplevingane, seier ho. Kanskje kan butikkane arrangere kundekveldar eller langope med vareinformasjonar? Vi har testa ut eit konsept med popup-butikk i sentrum, og vi ser at folk set pris på å ta meir aktivt del i handelsopplevinga. Som då vi hadde keramikkutsal med Monica Breivik Orre og kundane fekk dekorere keramikken dei kjøpte. Utsal av landbruksvarer og drikke frå lokale bønder og produsentar har også blitt ein del nytta, og har eit utviklingspotensiale.

Då Anne Marie Andreassen tok til i stillinga si, fann ho ni tomme forretningslokale

i tettstaden. Elles var mange av sentrumslokala i første høgda gjenfolierte slik at ein ikkje kunne sjå gjennom vindauga. Dette meiner ho er uheldig. Opne vindaugsflater som gjev folk innsyn inviterer inn, seier Andreassen, som legg til at ein helst ikkje bør ha kontorfunksjonar på gateplan i sentrum. Dei lokala bør reserverast for butikkar, kaféar, frisørar og bibliotek, slikt som legg til rette for menneskemøte.

– Eg har tru på framtida til handelsstaden Aure, men det er viktig at vi vågar å tenke nytt, seier Anne Marie Andreassen. Ho har vore mykje på reiser til andre stader for å sjå kva dei har gjort for å auke attraktiviteten. Mindre biltrafikk i sentrumsgatene er ein gjengangar. Nokre meiner at berre ein har nok parkeringsplassar, vil folk strøyme til. Mykje biltrafikk og store asfalterte parkeringsflater er neppe suksessfaktoren. Vi må heller leggje til rette for at det er triveleg å vere og opphalde seg i sentrum for alle typar menneske, også rørslehemma og eldre som bur i sentrumsområdet.

Handelsnæringa i Sykkylven har trass i avskalningar vist seg livskraftig gjennom 150 år. Mange ser verdien av å ha eit variert butikktilbod i nærmiljøet, både fordi det er praktisk og tidseffektivt, fordi det har ein miljøeffekt med kortreiste handleturar, og fordi det skaper meir liv og trivsel i lokalsamfunnet.

Oversikt over faghandlar i Sykkylven sentrum hausten 2025

- Apotek 1 Sykkylven.
- B.S. Aure Jernia.
- B.S. Aure Kjøkkenutstyr.
- B.S. Aure Sport.
- Focus Sport – Power.
- Foto Lyshol.
- Frk. Larsen.
- Gullnåla.
- Idebygg - Maxbo
- Mali Profil.
- Pets Sykkylven/Små og store poter.
- Silhuett Sykkylven.
- Skin Tonic Sykkylven.
- Skohjørnet/Ringo Sykkylven.
- Strømme Klær og Sko.
- Vinmonopolet.
- Vitusapotek Sykkylven.
- Welle Blomster og Gaver.

Daglegvareforretningar:

- Coop Extra Sykkylven.
- Europris Sykkylven (Vik).
- Eurospar Sykkylven.
- Kiwi Sykkylven.
- Rema 1000 Sykkylven.



Det er av og til gravearbeid i sentrum. I haust har delar av Kyrkjevegen vore sperra av for å leggje betre til rette for mjuke trafikantar i sentrum og for å skape eit heilskapleg gatemiljø.



Asgeir Kvernberg, fødd i 1952, er pensjonert lærar, busett på Sjøholt. Med stor interesse for lokalhistorie har han samla stoff frå Furstranda der han eig Framigarden i Sandvika. Har i ei årrekke vore sentral i Storfjordens Venner. Han har arbeidd med tradisjonshandverk både i undervisning og på fritida.

Lokalhistorie frå Furstranda og Sykkylven

Av Asgeir Kvernberg

I boka **Furstranda, Sandvika - Oppsal - Kyrkjesteinen** skriv Asgeir Kvernberg om dei seks bruka lengst vest på Furstranda. Han har samla stoff og anekdoter om slektene som har budd og livnært seg her. Det er små forteljingar og pussige eller dramatiske hendingar. Mykje av dette var i ferd med å gå i gløymeboka etter at bygda vart fråflytta. Det meste er sant, noko er heilt sant og litt er heller tvilsamt, som segna om då Heilag-Olav vitja Kyrkjesteinen og kvilte seg mot steinen som står der. Kyrkjesteinen var ein av dei aller første stadene som var merka av på dei gamle hollandske karta over Norskekysten på 15- og 1600-talet.

Den siste som dreiv næring der var hotelleigar, brennevinsseljær, fiskeeksportør, skipper, isseljær og stryning, Carl Henrik Spørck. Han bygsla Kyrkjesteinen og sette opp taubane frå vatna ved Vassætra og stort ishus av stein heilt nede på berga ved fjorden. Isen brukte han til å kjøle ned fisk som vart eksportert til England, mellom anna vart første kveita som blei sendt frå Ålesund til Hull i England, kjølt ned med is frå Vassætra.

I Sandvika er det to tun, Heimigarden og Framigarden. I 1766 kom den vesle familien til Ole og Karen frå Hjortdal og Brunstad i Velledalen hit med veslejenta Ragnhild på to år. Seinare fekk dei sonen Lars. Denne familien vart stamforeldre til dei som dreiv sandvikgardane i over 200 år. Harald og Karen Sandvik dreiv Heimigarden fram til 1967 då dei flytta til Aursneset. Olav og Kjellaug Sandvik dreiv Framigarden fram til 1971. Etter kvart flytta dei til Fauskebygda.

I 1850-åra kom ein familie frå Sunnylvn og Me-Åkneset til Oppsal. Det var Anders og Iverine. Anders var ein arbeidsam mann, og vart litt av ein kakse, som dei sa på Furstranda. Han tente pengar både på gardsdrift, krøterhandel og fiske. Kvar søndag, når det var preike i Skodjekyrkja på vårparten, rodde han over fjorden, ikkje berre for å høyre preika, men like mykje for å kjøpe bukkekje på Solnør. Kjea sette han på beite i Sandvikmarka. Etter ein sommar på beite der hadde Anders ein heil flokk med feite, fine bukkekje. Når hausten kom og det var preike i Skodjekyrkja, henta han eit par bukkekje, slakta dei, tok dei i færingen, rodde over fjorden og baud dei fram på Solnør. Slik tente han seg nokre daler utover heile hausten. Anders og Iverine hadde mange born. Nokre drog til Amerika andre slo seg ned i nærområdet, slik som Peder som gifta seg i Røneset med enka Lovise.

På Nedste Furhaugen, eit lite bruk under Oppsal, budde Hans Toresen Lied og



Her er sleden bygd om til jekta Josephine av Ramstaddalen, der Ole Petter Sandvik, fødd 1941, var skipper. Ombord står Asgeir Kvernberg med brødrene Sigurd og Øystein Sandvik som mannskap. Foto: Olav Sandvik, 1958.



Olav Sandvik set geitemjølka ned i brønnen for kjøling. Kvar tredje dag vart mjølka sendt til meieriet.

Martine Djupdal frå 1922 til 1942. Hans var bror til Ole T. Lied som dreiv Fønix konfeksjonsfabrikk i mange år. Hans var litt impulsiv og gjorde ting etter sitt eige haud. Ein gong Martine skulle vere med på rutebåten til byen, ansa dei ikkje båten før han var i ferd med å passere. Hans sprang ned på berget ved sjøen, vifta med armene og ropte Ho Tine skal vere med! Båten stansa, Martine raska ihop byklede, Hans fløta færingen. Så rodde dei ut, Martine skifta til byklede i færingen. Då dei flytta i 1942 tok dei med seg stabburet på garden og sette det opp på Grepstad, der det står enno.

På Furstranda var det ostemeieri, Opsal ysteri. Fleire av gardane leverte geitmjølk til ysteriet som laga brun og kvit geitost. Første leveransen gjekk til Sykkylven Handelslag i 1924, 5,4 kg kvit geitost, veka etter ville dei ha meir og Handelslaget selde 450 kg geitost dette året. Produksjonen varierte frå ca 4000 liter mjølk til nesten 7000 liter siste driftsåret, 1942.

Boka er på 205 sider, her kan du lese om då rottene kom til Sandvika etter brannen på Aure i 1939, og om snørå, arbeid i vedaskogen, bjørn og ulv, sandhenting i Aureelva og her finn du eit stort stadnamnregister frå heile Furstranda.



Kjetil Tandstad, fødd 1950, er tidlegare journalist og museumsmann, no fri skribent og redaktør av Årbok for Sykkylven.

Tradisjonalisten

Av Kjetil Tandstad

- Dei protestantiske kyrkjene har blitt demokratiserte. Ein har late folk flest bestemme teologien. Ikkje Guds ord og kyrkja sin tradisjon. Det er ei veldig uheldig utvikling, seier Ottar Svein Mikael Myrseth. Ei lang teologisk utvikling har ført han dit han er i dag – biskop og øvste leiar i Den Nordisk-Katolske kyrkja.

74-åringen, som plussa på namnet sitt med Mikael då han vart prestevigd i kyrkjesamfunnet i 2001, kunne naturlegvis ha nytt sine pensjonist-år uforstyrra på hytta på Gjøveneset i Hundeidvik. Men slik vart det ikkje. Han har alltid vore ein opprørar, seier han. Engasjementet hans let seg ikkje utan vidare pensjonere.

Bedehuset

Han voks nærast opp på bedehuset i Hundeidvik, der far hans var ein av leiarane. Når det kom omreisande predikantar, budde dei gjerne heime med familien deira. Då gjekk drøsen mykje om åndelege ting. Den religiøse interessa har Ottar Myrseth fått med seg frå barnsbein av. Denne bakgrunnen var nok ein grunn til at det er to biskopar i familien Myrseth. Veslebror Jan Otto er biskop i Tunsberg.

Dei er på ingen måte på linje i teologiske spørsmål. Det har vore nokre harde diskusjonar mellom brørne opp gjennom åra, vedgår han. No kranglar vi ikkje så mykje lenger. Vi treffest heller ikkje så ofte. Men sjølv om vi er usamde i teologiske spørsmål, kan vi ha det fint i lag når vi er ute på fjorden og fiskar småsei, seier han.

Etter fem år som prest i Oslo, vart Ottar Myrseth stiftskapellan i Molde, før han var prest i sju år i Spjelkavik og deretter lærar i folkehøgskulen. Den religiøse bagasjen han fekk med seg heimanfrå, motiverte for å studere teologi då han var ferdig med gymnasen.

Det var tidleg på syttitalet. Ungdommen var opprørsk. Ottar Myrseth sitt opprør skjedde innanfor Den norske Kyrkja, som han tykte appellerte for lite til kjenslene. Ein kan seie at han vart radikalisert i konservativ retning.

Fornyng

Han engasjerte seg i grupperinga Kirkelig Fornyelse. Her samla det seg prestar og lekfolk som ville at Den norske kyrkja skulle bli meir høgkyrkjeleg. Dei var opptekne av tradisjonane og det djupe alvoret som dei meinte hadde gått tapt i den demokratiserte folkekyrkja. Opprørarane ville ha også meir effektar: Biletkunst, song og musikk, prosesjonar og røykjelse. Kyrkjerommet skulle ikkje vere ei skulestove der presten doserer og kyrkjelyden sit passivt og høyrer på. Den norske kyrkja var fantasilaus, meinte dei. Ei gudstenesta skulle vere ei oppleving som talte

til alle sansar og der kyrkjelyden tok aktivt del. Lytte, sjå, smake og lukte. Det skulle vere i større grad som eit teater, som appellerte til kjensler, ei oppleving av venleik, alvor og historisk samanheng.

Sjokk-effekt

Opprørarane var også sterkt teologisk konservative og flokka seg om den karismatiske presten, salmediktaren og aksjonisten Børre Knudsen. Han vart den fremste og mest synlege motstandaren av liberalisering i kyrkja. Særleg i kampen mot lova om sjølvbestemt abort, som kom i 1978, skapte Børre Knudsen og hans våpendragar Ludvig Nessa furore. Dei stod på kyrkjetrappor og viste fram baby-dokker innsmurde med ketsjup. Dei organiserte salmesong utanfor gynekologiske avdelingar der dei meinte abort vart utført. Sjokk-effektane fekk naturlegvis store oppslag i media. I tillegg til kampen mot abort kjempa opprørarane også mot kvinnelege prestar og samkjønna ekteskap.

Håpet om å kunne bli ein konservativ opposisjon som kunne eksistere innanfor den norske kyrkja forsvann gradvis. Etter som åra gjekk, vart det klart at den konservative grupperinga ikkje ville få nokon plass i Den norske kyrkja. Det som var tenkt som ei kyrkjeleg fornying innanfor gjekk over til å bli eit alternativ på utsida. Kvart-katolikkar kalla kommentatoren Andreas Hompland opprørarane i Dagbladet. Nokre av opprørarane melde overgang og vart heil-katolikkar.

Tusenårs-skrutt

Det var ikkje nok for Ottar Myrseth. Han hadde sans både for tradisjonane til den ortodokse kyrkja i aust og for den vestlege pavekyrkja. Derfor skritta han tilbake tusen år og valde vekk både den romersk-katolske kyrkja

i vest og den ortodokse i aust. Han plasserte seg i kyrkjetradisjonen før splittinga av oldkyrkja i år 1054. Det var dette året ein paveleg bannbulle frå Roma nådde Hagia Sofia i Konstantinopel med budskapen om at kyrkja i aust var «kjelda til alt kjetteri». Sidan den gongen har den katolske kyrkja vore splitta mellom aust og vest og har aldri meir greidd å møtast.

Denne splittinga meiner Ottar Myrseth det no er på tide å overvinne. Han søkte seg mot skriftene til kyrkjelege opprørarar med røter i Nederland og Storbritannia. Han kom i kontakt med representantar for polskætta katolikkar frå USA som ikkje ville akseptere pavens overherredømme. Dei ville ha ein katolisisme som likna meir den austlege i deira gamle heimland. Denne gammal-katolske tradisjonen var utgangspunktet for at den nordisk-



I fullt ornat: Biskop Ottar Myrseth slik han tykkjer ein skikkeleg biskop bør stå fram. Ei gudstenesta skal vere ei oppleving som taler til alle sansar. Lytte, sjå, smake og lukte, seier han. (Foto: Lars O. Flydal.)



St. Olavs kyrkje i Hatlane i Ålesund. (Foto: Den Nordisk-Katolske kyrkja).

Til høgre: St. Olav. Ikon i St-Olavs kyrkje i Ålesund.
(Foto: Den Nordisk-Katolske kyrkja)



katolske kyrkja vart skipa i 1999. To år etter melde Ottar Myrseth seg til teneste. 18 år seinare vart han ordinert som biskop og øvste leiar for Den Nordisk-Katolske kyrkja, som tel totalt rundt 500 medlemmer i Europa. Trass det nordiske namnet er medlemmene ikkje berre i Norden, men også i England, Tyskland, Ungarn, Romania, Slovakia, Italia og Spania.

I følge trusdokumentet sitt held Den Nordisk-Katolske kyrkja seg med ritual frå den vestlege katolisismen og teologi frå aust-kyrkja. Slik har dei plassert seg i skjeringspunktet mellom latinsk og bysantinsk kristendom.

- Det er eigentleg ikkje så mykje som skil oss frå pavekyrkja, fortel Ottar Myrseth. Vi aksepterer ikkje dogmet om at paven ikkje kan gjere feil og at han har makt over alle biske-utnemningar over heile verda. Det er viktig for oss å kunne utnemne eigne biskopar utan paveleg godkjenning. Elles meiner vi som katolikkar at ekteskap skal vare livet ut og at livet er ukrenkeleg. Det vil seie at vi er motstandarar av abort, dødshjelp og dødsstraff, seier han.

Oldkyrkja

I hytta ved Hundeidvik har Ottar Myrseth kjellaren full av bøker med teologiske skrifter av gammal årgang. Her har han innreidd eit lite bønnerom. Her er det eit lite altar med altarduk og på veggen heng det ikon tett i tett. I altarduken er det innsydd ein liten behaldar som inneheld ein relikvie som stammar frå ein av dei dei førti martyrane frå Sebaste som vart drepne i år 319.

I St. Olavs kyrkje, som er kyrkja til dei nordisk-katolske i Hatlane i Ålesund, har dei også ein relikvie. Den skal stamme frå sjølvaste Heilag-Olav. Begge relikviane

har skriftleg garanti frå Vatikanet for at dei kjem frå ekte helgenar.

I bokhyllene hans står det bandtunge verk frå dei store teologane frå oldkyrkja. Det er først og fremst her han hentar inspirasjon og påfyll. Dette er lærestoff det har vore undervist fint lite om i teologi-studiet. Men det er ikkje forelda, seier han.

- Eg finn mykje meir klokskap der enn i nyare teologisk litteratur. Håpet er at fornya fokus på det meir enn tusen år gamle tankegodset kan bli eit felles grunnlag for å samle austleg og vestleg kristendom igjen.

Ein del av arbeidet som biskop er å halde kontakten med kyrkjelydane. Det blir ein del reising i inn- og utland. Språket er naturlegvis ei viss hindring. Men han har no appen Translatør. Då går det på eit vis, seier han.

- Er du optimist for kyrkja di og strevet for å samle katolikkane i vest og aust?

- Det er ikkje enkelt. Men det er nokre gode teikn, seier han. Han minnest si ungdomstid på seksti- og syttitalet då store delar av ungdommen gjorde opprør mot det beståande. No har 68-arane fått barnebarn. Kanskje ser vi spiren av eit opprør hos dei mot mange av verdiane som besteforeldra kjempa fram, seier han. Mange unge i dag opplever eit åndeleg tomrom. Dei saknar fastare rammer for livet sitt. Både frikyrkjene og dei katolske kyrkjene merkar no ei tilstrøyming frå nye grupper ungdom. Dei er konservative, gjerne i dress og slips og vil ha ei meir tydeleg forkynning, seier han.



Ottar Myrseth med zucchetto - den vesle lua som katolske geistlege brukar. Fargen fortel kva kyrkjeleg rang ein har. (Foto: Den Nordiske-Katolske kyrkja).



Kai Løseth, fødd 1945, er pensjonert overlege og har arbeidd ved Ålesund sjukehus. På fritida granskar han lokalhistoria og har skrive ei rekkje historiske tekster med utgangspunkt i Ramstaddal.

Slusk-Ola-muren i Ramstaddalen

Av Kai Løseth

Det finst mange stadnamn og namn på formasjonar i naturen, både naturlege og menneskeskapte. Det kan vere ein stein («Gråsteinen», «Hellesteinen»), ei ur («Storura», «Rundura») o.s.v. Det var praktisk med slike namn, på same måte som at personar kan identifiserast med namn. Mange av namna har dessverre gått i gløymeboka.

På vegen ned til kaia i Ramstaddalen er der ca. 100 meter før du kjem ned til kaia ein mur på sida av vegen, mot elva. Frå eg var liten fekk eg høyre at namnet på denne muren var Slusk-Ola-muren. Den tida viste muren godt, men etter kvart er der vakse til med gras og små busker, så i dag ligg muren delvis gøymd under vegetasjon. Eg spurde ikkje kvifor dette namnet, men i seinare år har er begynt å lure på kven denne Slusk-Ola var, og når vart muren sett opp? Eg har spurt eldre folk i dalen, men ingen har visst.

Sist vinter sat eg og las i ein protokoll frå Ørskog kommunestyre og formannskap. Tilfeldig kom eg over denne saka, som eg trur løyste spørsmålet: 3. mai 1908 hadde kommunestyret møte, og einaste sak som vart handsama var denne (side 131/132):

Ref. Skr. fra Amtsingeniøren af 21 f. M. med Overslag og Arbeidsforskrifter for Elveforbygning ovenfor Ramstadkaiaen. Det besluttedes at Arbeidet bliver at udføre i den Udstrækning som av Ingeniør Grønningsæter foreslaaet. Videre besluttedes, at der søges leiet en paalitelig Mand som Arbeidsformand eller efter Omstændighederne 2 Mand, samt at Mandskaperne paa de 2 tilstødende Roder tilsiges til 1 Dagsværk Pligtarbeide pr. Bruk, eller ½ Dag med Hest og Mand. I Tilfælde dette skulle blive utilstr. leies Folk for Kommunens Regning.

Denne elveforbygninga kunne passe godt med lokaliseringa av Slusk-Ola-muren.

Under kommunestyremøtet den 23. oktober 1908 (side 139/140) finn eg som sak nr. 17: *Ref. Skrivelse fra L. Ramstad, hvori meddeles, at Elveforbygningsarbeidet i Ramstaddalen er utført overensstemmende med Planen. Der bestemmedes at udbetale Arbeidsformanden Ole J. Midtlid Kr. 5,00 pr. Dag og dennes Søn Kr. 4,00 pr. Dag, samt Ole P. Løset og Martinus Klokk Kr. 3,00 pr. Dagsverk.*

Da omhandlede Forbygning for en vesentlig Del er utført i Hensikt at beskytte Privatmands Eiendom, besluttedes at henvende sig til Landhandler O. A. J. Løset og Ludvig Klokk om et bidrag til Arbeidet med Kr. 25,00 fra hver.

Dette viser at muren vart bygd sommaren 1908. Arbeidsformannen er identifisert,



Frå storflaumen i slutten av august 1953. Elva gjer ein sving her. Slusk-Ola-muren mot elva vis-a-vis huset. Bildet utlånt av Marte-Lise Klokk Bjørnevik. Fotograf: ukjend.

med fornamnet Ole. Ole og Ola er nokså likt, og vart ofte brukt om ein annan, og i daglegtale vart ein med døypenamn Ole ofte kalla Ola. Det er ikkje urimeleg at muren fekk namn etter arbeidsformannen.

For å finne ut meir om mannen, leita eg opp Bygdebok for Skodje, Bd 1, på nettsida til Nasjonalbiblioteket. På side 404/405 fann eg under garden Midtlid dette:

Ola-Plassen

Ola Jakobsen Lyshagen, Kvikne i Nord-Fron f. 1854–1910, g. 1883 med Berte Oline Petersd. Ytreid gnr. 20. 1859–1936.

Så kjem borna opplista, 4 jenter og 3 gutar. Eldste sonen Peter Andreas var fødd i 1883, nr 2 Johan var fødd i 1887. Dei var då 25 og 21 år i 1908 og begge var gamle nok til å kunne ha vore med faren på arbeid.

I 1891 fekk Ola husmannsetel på ca. 14 da jord av Karen Hansdtr. Midtlid, leigetida varte så lenge han og kona levde. Dei budde først ei kort tid i Ytreid og så i Grindvik, men i 1885 var dei busette i Midtlid – det året bygde han stova deira. Som vanleg den tida tok han namn etter plassen han budde på. Av yrke var Ola murar, ein mann som bokstaveleg sette merke etter seg med sitt arbeid kring i bygdene. Det er fortalt at dei var 6 søsken som drog ut frå heimen i Gudbrandsdalen, 3 til Amerika, dei 3 andre slo seg ned kring i heimlandet. Dei høyrde aldri frå ein annan meir.

Denne mannen var altså Ola J. Midtlid, han var murar. Han «sette merke etter seg med sitt arbeid kring i bygdene». Ein slusk er ein (omreisande) anleggsarbeidar, ein anleggsslusk, ein vegslusk. I Sunnmørsposten har eg funne eit anna byggverk han var meister for. Det er kvelvingsbrua over Vadsetosen i Tennfjord, som han mura i 1881. Han gjorde murarbeidet, steinen fekk han tilkøyrd. For arbeidet fekk han 80 kroner.

Eg kjenner meg nokså sikker på å ha funne opphavet til namnet Slusk-Ola-muren,



Ole Midtlid – «Slusk-Ola».



Flyfoto, truleg frå 1954. Biletet viser herjingane under flaumen. Frå boka Johan Ottesen: Tida flyg. Historiske flyfoto frå Sunnmøre, attgjeve med løyve frå forfattaren.

og kanskje kan det også vere interessant å vite for andre i bygda. I klokkeboka for Kvikne sokn i Nord-Fron prestegjeld finn eg at han er fødd 2. mai, døypt 3. juli 1854. Døypenamnet er Ole. I klokkeboka for Skodje 1910 finn vi han innført, død 22. september, 56 år gammal.

Til no har muren stått trygt i 117 år. I slutten av august 1953 var det eit veldig regnvêr som varde i to-tre dagar. Det førte til storflaum i elva og skader mange stader langs elva. I etterkant måtte det gjerast forbygningsarbeid mange stader, men Slusk-Ola-muren stod i mot, utan å verte skada. Det tyder på godt handverk!

I seinare år har elvebotnen grave seg djupare og meir over mot andre sida av elva (Ramstadsida), slik at det til vanleg ikkje er så stor påkjenning på muren som før. Kanskje kan den stå i minst hundre år til?

Kjelder:

Ørskog heradsstyre og formannskap 1901–1915.

Klokkebok Nord-Fron prestegjeld, Kvikne sokn 1851–1883.

Klokkebok Skodje prestegjeld 1900–1931.

Johan Ottesen: Tida flyg Historiske flyfoto frå Sunnmøre.

Flytteplanar for Ungdomshuset Dalheim

Av Nils Seland

Snøballen har byrja å rulle. Arbeidet med å finansierte og flytte ungdomshuset Dalheim i Ramstaddal til Borgundgavlen er godt i gang og kan bli realisert til våren.

Ungdomslagsrørsla i Sykkylven har tradisjonelt stått sterkt. Laga la ned ein stor innsats for å reise forsamlingshus som gjennom meir enn hundre år har hatt ein sentral plass i grendene. Her har i alt vore sju ungdomshus i kommunen. (I minst tre av desse har det ein periode vore møbelfabrikk) Desse er:

Dalheim: UL Dalheim, Ramstaddal. Daltun. UL Dalljos, Søvikdal. Valhall (Schmidt-hus) på Aure, no part i samfunnshuset. UL Sykkylven frilynde ungdomslag. Vaarvon, UL Samhald, Straumgjerde. Heimhug. No part i grendahuset. UL Heimhug, Velledalen. Høgetun. Sørestranda ungdomslag, Ikorntnes. Tusvik ungdomshus. Tusvikbygda ungdomslag. (Bygd saman med misjonsforeninga.)

Dei frilynde laga har historisk hatt godt ord på seg i kommunen. Når det skulle veljast ny formann i Sykkylven frilynde ungdomslag, så snakka heile krinsen om det. Det var like høg prestisje knytt til eit verv i ungdomslaget som til det å bli vald inn i heradsstyret. Ungdomslaget rekrutterte mange til politikken. Ein periode blei det talt opp at fleirtalet i kommunestyret var, eller hadde vore medlemmer i ungdomslaget. (Kjelde: Sykkylven frilynde ungdomslag 100 år, 1893 – 1993)

Ungdomshuset Dalheim

Lokalavisa Nyss hadde eit oppslag om ungdomshuset Dalheim 24/4-2024, og sidan har «snøballen begynt å rulla» med tanke på å få flytta dette, nå, herrelause klenodiet til Sunnmøre museum i Borgundgavlen.

Folket i Ramstaddal har i dei seinare år samla seg om å bruka det gamle bedehuset like ved som grendehus, og meir enn eitt slikt samlingshus i denne vesle bygda er det snautt behov for. Men sidan eigarlaget, Ungdomslaget Dalheim, ikkje har vore i formell drift dei siste 10-15 åra, så har det teke tid å få ei forsikring om at det er vilje i bygda til å prøva ut ei løysing med at bygningen blir flytta ut.

Velforeninga blei kontakta våren 2025 og tok saka opp til drøfting på sitt årsmøte. Det var ingen der som hadde imot at flytteidéen blir prøvd ut. Seinare har ein samla dei fleste som var med i det siste formelle styret i Ungdomslaget Dalheim. Her var ein også positiv til prosjektet. Med dette kjenner ein seg rimeleg trygg på at prosjektet ikkje skal skapa splid i bygda.



Nils Seland, fødd 1946, opphavleg frå Flekkefjord, er gartner og organisasjonsmenneske og har sidan 2019 budd i Ålesund. Frå 1990 til 2007 dagleg leiar i Norske lagsbruk. Han har skrive boka Kaffikoppens kulturelle kraft som handlar om kaffistovene og leier arbeidet med å flytte ungdomshuset Dalheim til Sunnmøre Museum.



Ungdomshuset Dalheim i Ramstaddal, teikna av arkitekt Øyvin Berg Grimnes - kan bli flytta til museet i Borgundgavlen. (Foto: Vidar Oddbjørn Løseth).



Fondveggen i ungdomshuset Dalheim i Ramstaddal med scenedekorasjonane til kunstmålaren Jonas Peson. (Foto: Nils Seland)

Historia til huset

Huset sto ferdig i 1930, og det er ein tydeleg kopi av huset til Ungdomslaget Fram på Åheim – ferdig 1927. På Åheim er det dokumentert at det er den kjende arkitekten Øyvin Berg Grimnes (1887-1980) som har laga teikninga. Grimnes var byarkitekt i Ålesund frå 1919 til 1954, og har fått hovudæra for at Jugend-stilen er bevart såpass godt som den er i byen. Ein har ikkje funne Grimnes sitt navn i Dalheim sine protokollar, men det står å lesa at: «Laget kjøpte teikning av ein arkitekt for kr. 50». Teikninga til Åheim-huset har nøyaktig same mål, så opphavet er ganske sikkert. UL Fram på Åheim betalte heller ikkje meir til Grimnes for teikninga til sitt hus. Grimnes teikna også ungdomshuset Fagerheim på Skodje. Dette huset er noko større enn Dalheim og har vore gjennom ein omfattande restaureringsprosess, som er tildelt «Godt vern-prisen» frå Fortidsminneforeininga.

Peson-utsmykking

Den kjende kunstmålaren Jonas Peson var med på å setta sitt preg på Dalheim med vakre scenedekorasjonar. Han hadde også oppdrag for laget på Aure og i Velledalen – og kanskje er det han som har ansvaret for scenedekorasjonane også på Dalljos i Søvikdal?

Johan Alfred Pettersen, som var det eigentlege namnet hans, var fødd i Helsingfors i 1887. Han var av svensk/finsk slekt frå Åland. Frå 1924 budde han fast i Ålesund. Jonas Peson hadde ei rik skapartid ut gjennom 1920- og 1930-åra. Ei av dei største enkeltoppgåvene hans var utsmykkinga av Kaffistova i Ålesund då den blei flytta til Lorkenesgata 3 i 1928.

Kort etter at huset var ferdig, etablerte Ramstaddal Lenestolfabrikk seg i kjellaren til huset og var der fram til verksemda flytta til eit nyoppført forretningsbygg på Klockkaia i 1948.

Fylkeslaget, Sunnmøre frilynde ungdomssamlag var ein av initiativtakarane til eit museum i Borgundgavlen. Det var derfor naturleg å venda seg dit først. Muséet var med ein gong positiv til idéen, men måtte samtidig medgi at ein mangla budsjett til slike tiltak. Tomta «ligg berre og ventar» på eit ungdomshus ved sida av det vakre Åkre Bedehus oppe i bakken ovanfor administrasjonsbygget. Nettopp eit slikt naboskap vil kunna bli ei eineståande verdifull markering av viktige trekk i den sunnmørske kulturkampen frå sist på 1800-talet. Men eit slikt tiltak kostar pengar – mange pengar. Bygningskyndige folk har, *svært lausleg*, vurdert at det kan kosta opp til åtte – ti millionar å få flytta huset til Ålesund.

«Vern gjennom bruk»

«Vern gjennom bruk» er eit mantra som er meir og meir brukt i museumskrinsar. Her kan det kanskje finnast ei løysing: Fylkeslaget, Sunnmøre frilynde ungdomssamlag og lokallaget i Ålesund, Ungdomslaget Ivar Aasen, kan få varige bruksrettar etter flytting. Utover hausten og vinteren skal det forhandlast om kva ein slik bruksrett kan omfatte når det gjeld arealbruk, tilgang og frekvens. Dersom dei to laga finn det tenleg, kan dei på årsmøte våren 2026 vurdere å selje sine nåverande hus og slik sikra fullfinansiering av ei flytting – etter at bidrag frå offentleg og private fond og legat er prøvde ut.

Når desse to laga er i stand til å ta slike løft, så er det fordi dei i tidlegare tider var forretningsdrivande. UL Ivar Aasen var lenge medeigar i Hotel Noreg. Sunnmøre frilynde ungdomssamlag hadde sine Kaffistover som dei tente bra med pengar på ein periode.

I god stand

Ungdomshuset Dalheim er i god stand. Taket har solide skiferheller, og har vore tett og fint alle desse hundre åra. Huset er bygd i lafta plank – og er derfor relativt enkelt å demontera. Ytterkledning og det som finst av innvendig panel er det truleg rettast å erstatta med ny material. Sokkelen er i betong og kan ikkje flyttast.

Ein tenkjer seg denne vegen vidare: November – desember 2025: Prosjektbeskriving og finansieringssøknader til private fond og legat. November: Arbeid med intensjonsavtale mellom muséet og dei to potensielle investorane og bruksvurdering for dei potensielle investorane. Desember - februar 2026: Teknisk utgreiing og kalkulasjon ved muséet. Mars -april 2026: Årsmøte som kan vedta (eller forkaste) løytingsvedtak. Våren 2026: Eventuell oppstart.

- Me ser fram til ein god og open prosess, der – helst alle – partar kan kjenna seg som vinnarar i eit fornya og modernisert samspel mellom frivillig organisasjonsliv og offentleg verksemd, uttalar nemnda som arbeider med flytteprosjektet.



Ole Jostein Fet, fødd 1955. Pensjonist. Arbeidde i 20 år som journalist og om lag like lenge som lærar. I tillegg dreiv han sauebruk på Fet i 30 år. Han er medlem av årbokredaksjonen.

Stølshelg på Øggardsstølen - 20 år sidan sist

Av Ole Jostein Fet

Tjue år har gått sidan det vart arrangert stølshelg på Øggardsstølen i Ladalen. I midten av august i år vart det invitert til ny stølshelg. Om lag 200 personar tok turen til stølen denne augustsundagen.

Det var under Streif-arrangementet i 2005 det sist var invitert til Stølshelg i Ladalen. Også den gongen var Kari Hjorthol og Kjell Perry Drotninghaug vertskap. Denne gongen saman med Velledalen sogelag som var medarrangør. Dei to har drive med stølsdrift sidan tidleg på 90-talet. Kjell Perry fortalde om den mangeårige drifta dei har hatt på Øggardsstølen. Først og fremst produksjon av mjølk, men og av landbruksprodukt med utgangspunkt i mjølkeproduksjonen.

I dag er Øggardsstølen ein av få støl i Møre og Romsdal som framleis er i drift, og ein av dei under 1000 stølne som vert drive kring om i landet. På 1800-talet var det drift ved nesten 100.000 støl, kunne Jostein Sande frå Norddal fortelje.

Saman med kona Åshild Dale har han drive med aktiv setring og geitemjølke-produksjon på Herddalssetra i ei årrekke. Jostein Sande har heilt sidan starten vore aktiv i utviklinga av organisasjonen Norsk seterkultur. Han var styreleiar for organisasjonen i 7 år. Like eins redaktør for bladet «Seterbrukaren» og nettstaden seterkultur.no i om lag 20 år. I føredraget han heldt for dei frammøtte på Øggardsstølen, kom han inn på den rolla som aktiv setring har hatt å seie for at norsk seterkultur i 2024 kom på Unesco si verdsarvliste.

Tradisjonen tru baud stølshelga på ein mangfoldig meny for dei mange frammøtte. Alt frå rjomegraut og jurklut-kasting til musikalske innslag. Gunnhild Øigarden framførte folketonar på fløyte, og Jarle Lade spelte bruremarsjen etter klarinettisten Nakke-Petter.



Kjell Perry Drotninghaug.




Om lag 200 personar hadde tatt turen til stølshelga på Øggardsstølen



Programleiar Sissel Brunstad og Jarle Lade.



Gunnhild Øigarden.



Jostein Sande frå Norddal.

Biletkavalkaden 2025

Ved Monica Aure Fallingen og staben i Nyss. Her er nokre små og store hendingar i året som gjekk, henta frå arkivet til lokalavisa.



Lekkasje i kyrkjene

Året starta med stort snøfall, og dei store snømengdene førte til lekkasjeproblem hos kyrkjene i Sykkylven. – Det var akkurat så vi fekk unna vatnet til at ein kunne halde gudsteneste på søndag. Vi hadde kontroll, men så er det ganske ekstreme mengder snø som har komme, seier kyrkjevevjerje og dagleg leiar for Sykkylven kyrkjelege fellesråd Arild Sporsheim til Nyss. (Foto: Even Ørjasæter)



Tollsatsar skapte uro

I mars blei det kjend at Ekornes vurderte å flagge ut meir av produksjonen til USA, dersom Donald Trump auka tollsatsane på ein måte som ramma norsk eksport til landet. Dei tilsette ved Ekornes i Sykkylven og på Grodås var ottefulle, men Sykkylven ville halde fram å vere heimen til Ekornes, lova dagleg leiar, Tine Hammernes Leopold. (Foto: Even Ørjasæter)



Årets lokalavis

Nyss vart under landsmøtet til Landslaget for lokalaviser i Trondheim i mars kåra til Årets lokalavis for aviser med over 4.000 abonnentar. Det var ein stolt stab som kunne ta imot vandretrofeet, samde om at det var teamarbeid som førte Nyss til topps i kåringa, vel fire år etter oppstarten av den nye avisa som består av Sunnmøringen og Sykkylvsbladet. (Foto: Tommy Rasmussen)



Ville skape møteplass

PC Support Eiendom AS, ved brørne Ståle og Roger Welle, kjøpte Bankplassen i april. – Vi er både glade og audmjuke over å få moglegheita til å vidareføre bygget si rolle i sentrum. Bankplassen er eit historisk viktig bygg for Aure. Vår ambisjon er å blåse nytt liv i bygget og utvikle Bankplassen til ein moderne møteplass som kan bidra til auka trivsel og bulyst i bygda, uttalte brørne. (Foto: Arkiv)



Ein gutedraum i oppfylling

Sondre Brunstad Fet har hatt eit eventyrlig år. Då laget hans Bodø/Glimt skulle møte Tottenham heime på Aspmyra i UEFA Europa League i mai, tok Nyss turen til Bodø. Dessverre enda kampen med 2–0 tap for Bodø/Glimt. I september hadde Fet sin første Champions League-kamp, mot Slavia Praha. Målet hans i siste minutt sikra laget eitt poeng, og blei av Fet sjølv skildra som ein gutedraum. (Foto: Even Ørjasæter)



Nytt konsept

Næringsfabrikken har blitt ein spanande plass, med stadig meir innhald og ulike arrangement. I mai lanserte Kurt Roger Sjørgård og Karoline Blakstad Ekornes Myklebust endå eit nytt konsept i bygget, då kom første episode av podkasten *Næringsfabrikken Pod*. Etter å ha teke litt inspirasjon mellom anna frå Stormkast og Papaya var dei klare for å ta næringstemperaturen i regionen. (Foto: Amanda Røed Stave)



Glad noko vert gjort

Joakim Slyngstad har ikkje vore redd for å bruke stemma si. I fleire år har han engasjert seg med tanke på universell utforming i Sykkylven. – Endeleg skjer det noko! Det er betre seint enn aldri, sa han i mai, då det vart det kjent at kommunen ville løyve midlar til å oppgradere krysset Kyrkjevegen-Storgata på Aure. (Foto: Amanda Røed Stave)



Opplevde hærverk

Styrar ved Velledalen naturbarnehage, Torild Hole, fortalde til Nyss i juni at dei ville henge opp fleire overvakingskamera ved barnehagen. Bakgrunnen var at dei fleire gongar hadde opplevd hærverk. Nyss hadde også fleire saker om hærverk ved andre bygg i Sykkylven. – Ein ting er skadane som vert gjort på utstyret, men at her går folk truleg på kvelds- eller nattetid og plagar dyra våre er noko heilt anna. (Foto: Amanda Røed Stave)



Prøvespel i England

Synneva Lien Sogge (15) og Lily Bakke Payling (12) hadde blitt plukka ut for prøvespel i England, etter at meir enn hundre fotballtalent frå heile distriktet fekk vise seg fram for trenarar i Premier League-klubbane Tottenham, Queens Park Rangers og Wolves. – Det blir spennande å sjå nivået som er der, sa Lily. (Foto: Amanda Røed Stave)



Låg an til kjempeauke

Sykkylven Stål gjekk hausten i møte med rekordhøg aktivitet. Aldri før hadde dei hatt ein større ordresreserve. Auke i aktivitet, ordresreserve og omsetning førte til vekst i arbeidsstokken, og administrerende direktør, Morten Aure, fortalde at dei sidan sommaren hadde tilsett fleire nye, og at dei hadde plass til fleire. (Foto: Amanda Røed Stave)



Rockefestivalen leverte

For andre gong vart Ungdomshuset Vårvon i Straumgjerde forvandla til rockearena då Watt's Up, Sykkylven sin største rockefestival, vart arrangert i oktober. På scena stod to lokale band, i tillegg til dei to tilreisande banda Staal og Blood Command. Det var nok mange som dagen deretter kjende på både øyresus og litt stiv nakke, men det høyrer med etter ein slik festival. (Foto: Christine Fohlin Verneland)



Måtte jobbe hardt

Espen Skrede Høidal frå Sykkylven fortalde til Nyss at han følte han ikkje høyrde til på skulen og at det var uforståeleg at han måtte vere der. – Eg fekk det ikkje til, og eg følte at dei ikkje ville ha meg der. Ein lærar sa til meg: «Skule er ikkje for sånne som deg», fortel han. Men mangel på skulegang stoppa ikkje Espen, og i dag er han dagleg leiar ved to bedrifter og har fleire tilsette. (Foto: Amanda Røed Stave)



Helen Seth,
fødd 1991 frå Lepsøya, studerte til
bibliotekar i Tromsø og er bibliotek-
sjef i Sykkylven. På fritida driv ho
innebandy og syng i Velledalskoret.
Ho er medlem av redaksjonen i
Årbok for Sykkylven.

Biblioteket sitt rekordår

Av Helen Seth

Året 2024 markerte fleire ting for biblioteket. Det var året det byrja å ikkje berre låne ut bøker, men også ski og sykklar. Utstyrssentralen vart integrert i samlinga og no har lånarane betre og enklare tilgang til utstyr, i heile opningstida til biblioteket. Det var og det første heile året i dei nye lokala, og kontrastane frå det gamle biblioteket i Wellebygget er store.

Om ein ser på besøkstala, har bruken skote i veret, noko som viser kor viktig det er å ligge synleg og tilgjengeleg på gateplan. Det var ingen som «datt» innom i andre etasje, då hadde ein i så fall vore hjå tannlegen fyrst. Om ein samanliknar med 2022 auka besøkstala med nærmare 10.000. Dette er omtrent ei dobling av besøk. Det er ei glede å sjå at fleire har oppdaga biblioteket og kjem att for å nytte seg av tilbodet.

Meiroke

Biblioteket er meiroke no, noko som betyr at det er ope utanom opningstid, for dei som har inngått avtale om dette. Dette resulterer i at biblioteket er i bruk sju dagar i veka, langt på kveld. Då biblioteket endeleg opna dørene, var det over 80 stk. som inngjekk kontrakt i løpet av den fyrste veka. Vi ser det er eit kjærkomne tilbod, særleg for studentar og barnefamiliar. Når dei tilsette kjem på jobb måndags morgon, er det alltid spor etter folk som har tatt turen innom i helga. Sjølv om ein no kan kome og gå som ein vil gjennom veka, er det ei glede å sjå alle dei spente små fjesa som kjem til aktivitetslaurdagane med teater, klare til å mate «lille larven aldri mett». Biblioteket har blitt ein levande stad.

Bruken av biblioteket har og endra seg mykje, no oppheld lånarane seg på biblioteket, les aviser, gjer lekser, sit og slappar av i ein stol medan borna finn bøker og har familietid saman. Ein vanleg vekedag byrjar roleg, med pensjonistar og andre som har fri som vil låne bøker. Så snart klokka bikker to, er det full rulle, då er borna og ungdommen ferdig på skulen. Dei vi knapt såg noko til, utan at føresette var med, kjem no i hopetal og slår seg ned på dei faste plassane sine. Biblioteket har rikeleg med koselege krokas å sitje i, og alle har ei vant favoritt-krå. Lesekroken i kvelven må ryddast dagleg, og den fyrste bamsen som flytta inn, gjekk tidlegare i år av med pensjon, etter kanskje litt for mykje kjærleik.



Fullt hus i biblioteket med astrofysikar Knut Jørgen Røed Ødegaard i september. (Foto: Helen Seth)

Lekser saman

Nokre av borna kjem for å gjere lekser, nokre for å lese, andre for å spele på datamaskina og berre vere saman med venner. Biblioteket har plass til dei alle no, her kan dei sitje, side om side, alle som ein, omgitt av kunnskap. I auga til dei tilsette er dette vel så viktig som auka i besøkstal, at folk føler seg heime i biblioteket og vil bruke tid der. For biblioteket høyrer til innbyggjarane og er «den tredje staden», ein stad som ikkje er bustad eller jobb, men der du framleis føler deg heime.



Iselin Naz Kar (10) er ei av dei som likar å lese bøker i biblioteket. (Foto: Helen Seth)



Tone Drabløs
opphavleg frå Sykkylven,
bur no i Ålesund og har eit nært
forhold til Drabløsstølen og Fjell-
setra. Ho arbeider med aktivitetar
og kommunikasjon i Den Norske
Turistforening, Sunnmøre. Ho er
kjend som ei dugnadsglad fjellgeit
som stadig er på tur.



Familien på tur mot Furua eller
et annet turmål i området. Far
Nils Fredrik først, med veslebror
Fredrik i pulk, deretter Tone og
veslesøster Marianne. (Foto:
Bente Rypdal Drabløs)

Tre turer på én dag

Av Tone Drabløs

Det var påske og jeg var ni år. Nesa mi skein om kapp med sola, blank av Nivea solkrem. Jeg hadde fin blå fløyelsnikkers på, røde strømper og kofte med tinnknapper.

Fra hytta så vi turmålet, Furua, det eneste bartreet i glissen fjellbjørkeskog var godt synlig, et par kilometer og et par hundre høydemeter unna. Mamma og jeg skulle på tur rett etter frokost, for i familien vår var vi A-mennesker og tidlig oppe og ute.

Turen opp var lett og fin, mange hadde gått der før oss og sporet slynget seg mellom trærne oppover i lia. Mot slutten ble det brattere, men oppe under Furua snudde vi oss og så utover dalen og fjella. Jeg gledde meg til turen ned igjen, men det gjorde ikke mamma..

Da vi kom tilbake, var det på tide med formiddagsmat, og etterpå ville søskenbar-net mitt være med på tur. Vi spente på oss skiene og la i vei - mot Furua. Det var mer latter, mer moro, mer tull og tøys med søskenbarnet enn med mamma, og vi brukte heilt sikkert også lengre tid, men ikke på returen. Da suste vi nedover i hockey, den ene etter den andre i det smale sporet.

Dagen gikk og sola stod lavere på himmelen, jeg var rastløs nede ved hytta. Kikket opp mot Furua og bestemte meg - ja! Jeg ville en tur til før middag. Mamma var opptatt med andre ting, pappa var sikkert på tur med hunden og søskenbarnet hadde reist hjem. Jeg tok på ski og gled aleine i den solmjuke snøen. Først over heia ved hytta, så over en kant og ei myr, over elva, langs bjørkeskogen før løypa gikk inn i den og litt hit og dit mellom trærne. Bare den siste stigningen igjen, den var bratt, og sporet krysset frem og tilbake. Jeg svettet med bakglatte ski, og solkremen rant ned i øynene. Det spilte ingen rolle - Furua var innen rekkevidde. Jeg var oppe, stod ved den solvarme stammen og kvilte meg før turens høyde-punkt.

Det var bare å følge sporet, utenfor fikk jeg ikke fart. Vinden tørket svetten av pannen, håret flagret. Smilet gikk fra øre til øre og jeg suste nedover i hockey, heilt aleine på fjellet. Det gikk fint ned bratthenget og gjennom skogen, men i nitti-grader-svingen før myra gikk jeg på trynet så det sang. Jeg fikk snø i nesa, ørene, inn under kofta både ovenfra og nedenfra, og skrubbsår på hendene. Men det gikk fint.

Jeg kom meg på beina igjen, fant sporet og fortsatte i litt roligere tempo ned til hytta. Der satt mamma og pappa utenfor med småsøsknene mine og hunden. «Var turen fin?» spurte de. «Vi så at du datt, men da du reiste deg og



T R E T U R E R P Å E N D A G

suste videre skjønte vi det gikk bra».

«Ja, turen var fin», svarte jeg, satte skiene opp mot hytteveggen, fant meg en plass å sitte og takket ja til et glass saft før middagen.

Til Furua har jeg gått mange ganger siden denne påska, men aldri tre ganger på én dag.



Forfatteren selv, mellom to turer. (Foto: Bente Rypdal Drabløs.)

Utsikt over Drabløs- og Fetstølen, Roaldshornet, Fetkollen og Kleivdalsfjellet, tatt fra skitrekket. (Foto: Bente Rypdal Drabløs)



Hytta skimtes til høyre for far min. Veslesøster Marianne bakerst. Jeg har trolig tatt førstesporet. Det var ofte slik. (Foto: Bente Rypdal Drabløs.)



Kjetil Tandstad, fødd 1950, er pensjonert journalist og museumsmann og er no fri skribent. Han er redaktør i Årbok for Sykkylven.

Sykkylven Pensjonistlag 50 år

Av Kjetil Tandstad

På syttitalet byrja foreiningar av pensjonistar å gro fram i sunnmørsbygdene. Det vart snakka om vellykka pensjonistlag i andre kommunar. Gode møteplassar for eldre menneske mangla i lokalsamfunna.

Enno hadde ikkje eldre menneske så lett for å kome ut og treffe andre menneske. Mange var einsame. Kommunen var vid og enno var grendene dei naturlege einingane i kommunen. Mange hadde ikkje sertifikat og bil. Det hadde grodd fram eit behov blant dei som hadde avslutta arbeidslivet for å treffe andre menneske for å snakke om det dei sjølve var opptekne av. I 1975 tok sosialstyret i Sykkylven eit initiativ. Også Sykkylven burde få seg eit forum for pensjonistane. Det førte til at nokre pensjonistar frå Sykkylven bad om eit møte med Stranda Pensjonistlag, som alt var i god drift. Då dei kom heim frå Stranda, hadde dei fått blod på tann.

Trygda og tryggleiken

Den norske velferdsstaten hadde utvikla seg sterkt etter den andre verdskrigen. Å sikre eldre menneske eit utkome slik at dei ikkje skulle ligge familien til byrde etter at dei var gamle, vart ei viktig sak. I 1936 hadde Noreg innført ei generell alderstrygd for alle over 70 år. Det er vanskeleg for oss å forstå kor viktig det var. Eigne pengar, endå så lite det var, gav status og verdigheit til gamle folk. Som til dømes kona som kjende seg sjuk og som til slutt oppsøkte dr. Weiberg-Aurdal. Han kom fram med nokre tablettar som han spøkefullt lova ville gjere henne så sprek som ein ungdom. Ja, berre du ikkje gjer meg så bra at dei tek frå meg trygda, svara kona.

I dag er Pensjonistforbundet med sine 250 000 medlemmer landets største interesseorganisasjon med 6000 tillitsvalde over heile landet og 750 lokallag. Forbundet arbeider blant anna med desse krava til styresmaktene: Fleire fastlegar, fleire sjukeheimplassar og omsorgsbustader, tannhelse som ein del av eigendelordninga og meir søkelys på rus, psykisk uhelse og vald mot eldre.

Skipinga

Det var truleg ikkje berre økonomisk kamp som gav tenning til dei som først tok initiativ til å skipe eit lokallag av Pensjonistforbundet for Sykkylven i 1975. Det sosiale var viktig. 30. oktober vart det innkalla til skipingsmøte på Bedehuset. Gudbjørg Flacké heldt andakt, Hildur Bay og Borgny Frøystad spela og song og Jenny Røyr las dikt. Anders Ødegård, formann i fylkeslaget av Pensjonistforbundet, orienterte om arbeidet i lokalforeiningane og kva som vart gjort på lands- og fylkesplan. Han nemnde aktuelle spørsmål som arbeid for å auke grunnpensjonen, kampen for forhandlingsrett med staten, budsjettarbeid, utvikling av heimehjelp-

ordninga og ikkje minst: arbeidet for honnør-billettar, ikkje berre på jarnbanen, men også på bussar og ferjer, slik at ein her lokalt også kunne få del i ordninga. Endeleg vart Martin Løseth vald til første formann i det nye pensjonistlaget. Han var ein dynamisk leiar heilt til fram til han brått døydd i 1984.

Det første heile driftsåret var prega av stor aktivitet. Eit minneprogram om Henrik Straumsheim slo godt an. Redaktør Dagfinn Flem i Sunnmørsposten og komponisten Bjarne Eidsvik stod for programmet. Salen i kommunehuset var fylt til siste plass. Året etterpå kåserte blant andre radio-kjendis Arne Grimstad frå Hareid.

På tur

Sykkylvingane reiste også på tur, ein aktivitet som skulle bli svært populær og som gjennom femti år skulle bli eit viktig tilbod til medlemmene. Første turen gjekk til Stryn. Pensjonistlaget i Stryn kom seinare tilbake i tre bussar og med kaker, ost og smør i bagasjen. Så pass måtte det vere, sidan sykkylvingane hadde spandert så raust på dei på turen til Stryn tidlegare.

Pensjonistlaget, med sitt engasjerte og kulturinteresserte publikum, vart også stundom gjester hos andre lag og organisasjonar. Då Sykkylven konsertlag inviterte til konsertkveld med trubaduren Jens Book-Jensen, trekkspelaren Ivar Arneson og med lokale innslag frå Sykkylven Blandakor, spelemannslaget og leikarring var pensjonistane inviterte.

Lenge hadde pensjonistlaget hatt eit omflakkande tilvære med møta sine i kommunestyresalen på rådhuset, bedehuset, i kyrkjene og i banken. No fekk dei sjansen til å slå to fluer i ein smekk. I Sykkylven var ein ny institusjon under planlegging på Haugneset. Ambisiøse planar vart lagt fram. Pensjonistlaget var med i drøftingane. I 1976 vart det klart at kommunen ikkje greidde å finansiere alt. Kanskje måtte planane reduserast. Men i styret for pensjonistlaget sat Per Langeland, postopnar i Straumgjerde. Han hadde kontaktar i Postsparebanken. Endskapen vart at Pensjonistlaget finansierte forsamlingslokalet på institusjonen, som naturleg fekk namnet Pensjonistsalen. Det var semje om at kommunen skulle kunne bruke salen til eigne møte og tilstellingar. Salen skulle også kunne brukast som rettssal. Elles hadde Pensjonistlaget råderett over lokalet.


Eige lokale

I 1978 stod den etterlengta Pensjonistsalen endeleg klar og kunne takast i bruk som fast møtestad. Laget kjøpte inn alt som skulle til av stolar og bord og møblar elles. Koppar og kar til kjøkkenkroken vart også handla inn. På opningsfesten var 250 menneske stuva inn i salen. «Storstova» sprengt av pensjonistar, skreiv Sykkylvsbladet.

Dei ti første åra til Pensjonistlaget vart grundig feira – og med god grunn. Medlemstalet hadde no krope oppover til 180. Den nye formannen Ole Bjørkavåg, som leia laget frå 1985 – 1987, var festleiar. Kveldens kåsør var Tonna, velkjend profil i Sunnmørsposten, Bak denne signaturen stod den mangeårige fiskerijournalisten Anton Iversen. Han kåserte ledig og lett med både alvor og humor.



Martin Løseth – Skule-Martines blant ramstaddalingar - var første formann og ei drivande kraft i pensjonistlaget heilt sidan starten i 1975 til han plutselig døydd i 1984. (Foto utlånt av Kjell Løseth)



Postopnar Per Langeland ordna lån i Postsparebanken og sikra finansieringa av forsamlingssal i den nye eldreinstitusjonen i Sykkylven. Slik fekk også pensjonistlaget ein fast stad å vere. (Foto utlånt av Sykkylven Pensjonistlag)

På programmet stod også full middag, kaffi og blautkake, går det fram av referatet. Til slutt vart golvet rydda til dans med musikk av spelemannslaget. Ser ein på styret for Pensjonistlaget etter ti år, får ein demonstrert ein annan grunn til suksess. Nokre av pionerane var framleis med: Det galt Jenny Røyr og Trygve Straume. Pensjonistlaget hadde i stor mon funne si form alt frå starten. I formannstida til Per Langeland (1988 – 1990) var også aktiviteten stor. Det vart gjort vedtak om at det skulle vere eitt arrangement per måned. Ulike festkomitear med utgangspunkt i ulike delar av kommunen, skulle førebu festane kvar sin gong.

Det skada ikkje, forstod festkomiteane, om pensjonistlaget lokka med godt program som veksla mellom alvor og skjemt. Lokale krefter som kåserte på pensjonistmøta var Liv Randi Bjørlykke og Kjell Løseth. Då det kom to fullasta bussar frå Volda pensjonistlag på gjesting, snakka Arnold Weiberg-Aurdal om den kulturelle forskjellen mellom skulestaden Volda og industrikommunen Sykkylven. Tidlegare stortingsmann Arnold Weiberg-Aurdal leia laget frå 1996 til 2006. Han var også leiar i fylkeslaget i fleire år og sentralstyremedlem i Pensjonistforbundet frå 1999 til 2001.

Arrangementa heldt fram i same trygge spor. Jon Jarnes, som var leiar frå 1991 – 1995, følgde opp tradisjonen for eit godt samarbeid med kommunen. Ordførar Svein Helgheim vart invitert for å fortelje om planane for dei nye eldebustadene som skulle oppførast på Myremarka i sentrum. Ole Johan Vidhammer, leiar i Storfjordens venner, kom innom for å fortelje om dei veglause gardane langs Storfjorden som var i ferd med å bli gjenoppdaga som attraksjonar på denne tida.

Floriaden

Ruth og Jon Hole saman med sonen Hans Olav var også på plass for å ta pensjonistane med på ei naturoppleving med gode bilde frå fjellturar dei hadde vore med på. Og rektor Hans Jakob Vestad frå Ålesund hadde vore på tur til Floriaden i Nederland for å sjå på blomsterdyrkinga. Han kunne vise lysbilde frå den verdskjende blomsterutstillinga.

Under 25-årsjubileet i 2000 samla dei medlemmene rundt seks langbord med 165 gjester. Sokneprest Per Inge Haugen las juleevangeliet og Jon Støylen framførte prolog, Øystein Braaten og Lars Hatlemark song og spela. Den tidlegare lensmannen i Vanylven, Mons Sandnes, var ein profilert leiar i fylkeslaget og han var på plass. Og som avslutning song Ikornestausene – eit kor samansett av tilsette frå Ekornesfabrikken - til stor applaus frå gjestene.

Trass i dette: styreleiar Arnold Weiberg- Aurdal bar på ei uro. Det har skjedd eit generasjonsskifte. Ein pensjonist var ikkje lenger ein pensjonist. Medlemmene var mindre einsarta enn før. Konkurransen om tida var større. Han merka nedgang i medlemstalet. For å råde bot på dette må vi setje i gang ein medlemskampanje. Og laget må endre seg for å møte nye tider, meinte han.

I 2008 var pensjonistane leie av å kave med den nye data-teknologien. Det var tungt å kome i gang med å skrive på skjerm. Etter kvart ville også gjerne mange



Pensjonistar på busstur med pensjonistlaget. Foto utlånt av Sykkylven Pensjonistlag.



Ung underholdning på eit møte i pensjonistlage. Bjarne Fauske, Sander Bonesmo og Lars Viljo Fauske. (Foto: Sykkylven Pensjonistlag)

pensjonistar ut på internettet. Pensjonistlaget tok initiativ til eit datakurs for dei som nettopp hadde fått datamaskin. Dei spurde rundt etter lærekrefter. Olav Pileberg tok jobben.

Kilimanjaro

Same året fekk pensjonistane besøk av gjengen på Fønix som reklamerte for det populære torsdagstilbodet i 2009. Den unge songfuglen Martha Ramstad gjorde fin figur på eitt av medlemsmøta. Amalie Furholm, orienterte om sjukdommen Alzheimers og om tilbodet på dagsenteret på Buas. 2010 var Odd Egil Valderhaug på besøk og fekk låtten fram då han presenterte boka Rått og røte. Same året viste vikarprest og pensjonist Terje Bakke bilete og fortalde frå ei Israelferd. Per Svein Tandstad hadde også vore ute og reist. Han hadde vore på toppen av Kilimanjaro, 5895 meter over havet.

I 2011 var eldresaka i fokus. Pensjonistforbundet arrangerte paneldebatt. Alle partia stilte og redaktør Frank Kjøde var ordstyrar. Same året tok laget turen til Hellesylt for å sjå biletskjerar Oddvin Parr sine arbeid i tre og Sissel Brunstad og John Roald Pettersen presenterte sætreboka si.

Fram mot 50-årsjubileet er det også nye takter i organisasjonen. I tillegg til dei vanlege medlemsmøta er det no også tilbod om treff på dagtid. Tilbodet har kome i stand i samarbeid med kyrkjene i Sykkylven. Primus motor for tiltaket i Pensjonistlaget, Tor Mørkeseth, har greidd å sy saman ei imponerende rekkje med foredragshaldarar, som har drege eit stort publikum.

Eit personleg minne: Som journalist med spesiell interesse for kultur var eg innom pensjonistlaget i Sykkylven. Eg meinte eg kjende publikum. Etter ein times kultur brukte tilhøyrarane å bli rastlause. På møtet i pensjonistlaget var det tre timar kompakt kultur til fryd og ettertanke. Andakt, diktopplesing, tale og kåseri, musikalske innslag, ein skikkeleg tale, opplesing av sjølvskrivne betraktningar opplesne frå laget si handskrivne medlemsavis, alt saman vakkert dandert rundt eit bognande matbord med høve til allsong, prat og sosiale møte, alt laga til av dugnadsgrupper og betalt av medlemmene.

Og denne stilen har dei greidd å halde gjennom femti år. Det er ein kulturinnsats å bøye seg djupt for.

Velledalens yngelstasjon skipa for 80 år sidan

Av Ole Jostein Fet

Eit par månader etter at andre verdenskrig var over i 1945, skipa nokre fiskeentusiastar Velledalens yngelstasjon. Målet var å styrke lakse- og aurestammen i Velledalsvassdraget. Laget var ein av forløparane til skipinga av Fetvassdragets grunneigarlag nokre år seinare, eit lag som omfatta elve-eigarane både i Straumgjerde og Velledalen.

Alt hausten 1944 søkte velledalingane om løyve til å fange stamfisk for å klette ut yngel frå laks- og aurerogn. Løyve vart gitt og galdt for eitt år i gongen. Ein kunne fange så mykje stamfisk som ein hadde behov for. Løyvet vart gitt av Inspektøren for ferskvannsfiskerierne i Bergen «i henhold til Lov om laks- og sjørrettfiskerierne av 27. februar 1930».

Dei som var med på å skipe yngelstasjonen er i dag gått bort. For eit års tid sidan dukka det likevel opp nokre dokument som Geir Helge Grebstad overrekte under teikna. Dokument som kan vere med og kaste lys over den korte historia til laget, frå stiftinga i 1945 og fram til om lag midten av 50-talet.

I juli 1945 vart det kalla inn til generalforsamling og skipingsmøte for Velledalens yngelstasjon. Desse vart valt inn i det første styret: Lars Hole Drabløs, Leidulv Vikstad, Perry Fet og Gustav Weiberg-Aurdal. Sistnemnde vart leiar. Lover for laget vart vedtatt.

Økonomisk støtte

Tidlegare på året hadde ein sendt søknad til Landbruksdepartementet, om løyve til å bygge og drifte eit lakse- og aureklekkeri. Bygging av klekkeriet var kostnadsrekna til 3460 kroner. Søknaden vart imøtekomen og laget fekk tildelt ein sum på 500 kroner.

Klekkeriet vart reist ved ei grov i bakken ovanfor tunet til Jens Velle. Arbeidet på det nye bygget vart verdsett til 1,30 kr per time for dei som var med på arbeidet. Oskar Velle, Heggebakk-Oskar, tok på seg arbeidet med det daglege tilsynet ved yngelstasjonen og klekkinga av yngelen. Stamfiskeløyvet galdt fangst av laks og aure i Velledalselva.

Frå møtereferata kan ein lese at det meste av fisken vart fanga med «tørre nevar» eller med lykt og hov. Det vart også sendt søknad til Velledalens allmenning om løyve til å fange stamfisk på fiskeretten deira i Straumen i Straumgjerde.



Ole Jostein Fet, fødd 1955, har arbeidd 20 år som journalist og om lag like lenge som lærar. I tillegg dreiv han sauebruk på Fet i 30 år..



I 1945 starta ei 80 år lang historie med forvaltning av laksestammen i Velledalen. (Foto: Ole Jostein Fet)



Lars Hole Drabløs var ein av initiativtakarane til arbeidet med å starte opp Velledalens yngelstasjon rett etter krigen. (Privat foto)

Resultatet ved yngelstasjonen gav varierende resultat dei åra klekkeriet var i drift. På det meste vart det sett ut mellom 90.000 og 100.000 klekte yngel per år. År om anna var talet nede i rundt 10.000.

Stamfiskestasjon i Straumgjerde

Det skulle vise seg at arbeidet med yngelstasjonen vart avslutta etter nokre år. Midt på 50-talet planla straumgjerdingane å etablere ein stamfiskestasjon i Straumgjerde. Stamfiskestasjonen søkte yngelstasjonen i Velledalen om å få nytte konsesjonen deira for å kunne stryke og klekke lakse- og aurerogn. Søknaden vart imøtekommen under føresetnad at fem prosent av yngelen som vart klekt, skulle setjast ut i vassdraget i Velledalen.

Dette skulle vise seg å bli starten på eit meir omfattande samarbeid mellom velledalingane og straumgjerdingane. Etter kvart vart Fetvassdragets grunneigarlag etablert, eit elveeigarlag som omfatta både Straumen, Fetvatnet og Velledalselva.

Lagsarbeidet lagt ned

Hausten 1954 vedtok yngelstasjonen ikkje å klekke yngel. Det var store problem på grunn av mykje og stor flaum i Velledalselva og store mengder slam i vatnet. Laget hadde heller ikkje høveleg utstyr til å fange stamfisk på stor elv. Same året starta ei større elveforbygging i vassdraget, noko som gjorde arbeidet med å fange stamfisk vanskeleg. Av tre hofisk som vart fanga den hausten, vart to sett ut att i vassdraget.

Det er grunn til å tru at aktiviteten ved yngelstasjonene tok slutt midt på 50-talet. Det siste møtereferatet er datert den 19. oktober 1954.

Nyttig prat på Språkkafé

Av Kjetil Tandstad

Det er måndag kveld. Tussmørket senkar seg over bygda, men ut gjennom vindauga i Fønix-huset strøymar det lys og luktar vaflar. Inne er lokale frivillige og utlendingar djupt konsentrerte med å gjere seg forstått over språkgrensene.

Redd Barna, Flyktningtenesta og Frivilligsentralen står bak tiltaket for å hjelpe nykomarar i kommunen med å knekke koden til det ikkje heilt enkle språket norsk. Det gjer dei med å invitere til enkel servering, triveleg samvær og samtale. Dei som har kome hit for å nytte seg av tilbodet, har forstått at skal ein lære eit frammandt språk, må det praktiserast. For tida er dei fleste framandspråklege i lokalet frå Ukraina.

Ei av dei som nyttar sjansen til å snakke norsk, er Zinaida Diatlova frå Luhansk i Ukraina. Heimbyen hennar har vore okkupert av Russland sidan 2014. Væpna soldatar kom over grensa i nøytrale uniformer, men vi forstod raskt at dei var russiske, seier ho.

- Vi hadde hatt det godt før invasjonen. Vi hadde leilegheit, bil og hytte og vi dreiv ein matbutikk. Vi måtte flytte til hytta vår. Vi var utan vatn og straum i seks månader.

Vi levde i eldlinja, midt mellom russiske og ukrainske soldatar. Vi ville jo ikkje reise frå huset vårt, men etter å ha levd fem år i krig, reiste ho med sonen sin til hovudstaden Kyiv. Det er ein stor by. Vi måtte reise frå alt. Det vart veldig knapt økonomisk for oss. Det var vanskeleg å greie seg, fortel Zinaida. Ho fekk til slutt jobb, også der i matbutikk. Ho steig i gradene. Til sist var ho nestsjef for 50 tilsette. Med den fullskala russiske invasjonen av Ukraina i 2022, nådde krigen dei igjen. Kyiv var bombemål. Dette året døydde mor hennar heime i Luhansk. Det var ikkje mogleg å reise for å vere saman med henne den siste tida.

Ho tok med seg sonen Valerii ut av Ukraina. Ho hamna i Noreg og på mottak i Råde 3-4 dagar, så budde dei ein månad i Kongsberg. Så fekk dei beskjed om at dei skulle til Sykkylven. Det einaste eg visste om kommunen, var at her var ein stor møbelfabrikk som heitte Ekornes, seier Zinaida. Og no jobbar eg der!

Dei kom til Noreg i oktober 2023. Ho begynte på språkopplæring. Eg likar språk, likar å lære noko nytt. Etter kvart fekk ho ei ordning med skule tre dagar i veka. To dagar i veka hadde ho språkpraksis på Coop Extra. Det var god trening. Der var det også ei jente som kunne litt ukrainsk og gjerne ville lære meir. Slik kunne ho og kollegaen lære språk av kvarandre.



Kjetil Tandstad, fødd 1950, er pensjonist, skribent og redaktør av Årbok for Sykkylven.



Fjellturar var noko som Zinaida Diatlova ikkje hadde så mykje forhold til då ho budde i Luhansk i Ukraina. Men no har eg lært å setje pris på det, seier ho.

(Foto: Privat)



Skal ein lære språk, må ein praktisere, understrekar Zinaida Diatlova. Ho prøver å snakke norsk så mykje som mogleg, her saman med andre som øver på norsken på Språkkafeen på Fønix. (Foto: Kjetil Tandstad)

Sonen Valerii går på vidaregåande skule i Sykkylven. Ho har ei søster i Kyiv. Ho skulle også gjerne ha reist ut, men ho har ein mann som ikkje kan forlate Ukraina. Søstera kom på besøk i 2024.

I 2025 har Zinaida hatt arbeid som tilskjerar hos Ekornes. Arbeidsmiljøet er veldig godt. Folk er hjelpsame og tolmodige, seier ho. Det er viktig for oss som enno ikkje er så gode i norsk at folk snakkar sakte og gir seg tid. Å kunne språk er viktig. Å bli flink i norsk hjelper oss til å bli integrert.

- Håpar du å flytte tilbake til Ukraina etter krigen?

- Eg veit ikkje kva som skjer og kva som er situasjonen om nokre år. Noreg passar meg godt. Her er trygt. Her er frisk luft og vennlege menneske. No har eg også lært meg å setje pris på å gå tur i fjellet, slik ein gjer her i landet. Så blir ho alvorleg: Eg vil gjerne nytte høvet til å takke alle norske som hjelper oss og som tek godt imot oss. Dei skal vite at det er veldig viktig for oss, seier ho.

Desse har vore med å støtte utgjevinga av

Årbok for Sykkylven 2025

**Sparebanken Møre
Coop Extra Sykkylven**

SandellaFabrikken AS

Møre Miljøsanering

Sykkylven Gjensidige Branntrygdslag

Sykkylven Stål AS

Amatec AS

LK Hjelle

SapDesign

Nyborg AS

Ekornes

Formfin Møbler AS

Sykkylven Energi

Handelsservice AS

Fishtech Hygena AS

B.S. Aure AS

Eurospar Sykkylven

Møre Trafo AS



Foto: WikipediaCommons.

Høstens tid

Så var det høstens tid, tiden for mørke og død.
Høsten den kom så snart, skulle hatt mere tid.

Etter en sommer med varme, minner om sol og om smil.
Allting tar slutt en vakker dag, det er det sikre vi vet.

Forandring skjer hele vårt liv, det må vi ta imot.
Gjøre det beste utav, vonde og vansk'lige ting.

Men etter vinterens dvale, spirer et nytt liv igjen.
Noe må dø for å gi liv på nytt, det er naturlovens pris.

Livet er her og nå, uansett årstid.
Livet er her og nå gjør det du kan.

Vinter, vår, sommer og høst, alle i skjønn harmoni.
Ta vare på dagen som er, før den har gått deg forbi.

Ord og et smil som gir varme, det er ikke mer som skal til.
Lev denne dag som om det var, den eneste dagen du har.

Jorun Landfastøyen Rausand

ISBN 978-82-92269-36-7

Pris kr. 150

VIPPS Sykkylven Sogenemnd

582638

